Den som ber om innsyn i arkiv skal ved hjelp av den offentlege journalen identifisere den saka eller dei dokumenta vedkommande vil ha innsyn i. Meland kommune publiserer offentleg journal og fulltekstdokument på Internet. Arkivtenesta gjer difor ei førehandsklassering før publiseringa. Det er ekstra viktig at ein er nøyaktig i offentlegvuderinga og nyttar rette og fullstendige lovheimlar ved publisering av fulltekstdokument på nett, slik at t.d. sensitive personopplysingar ikkje blir tilgjengeleg for publikum.

Spørsmål om innsyn skal avgjerast ved kvar enkelt førespurnad. Det skal vere høve til å be om innsyn i alle dokument, uavhengig av førehandsklassering. Dersom ein mottek ein førespurnad om innsyn i et dokument som i utgangspunktet er unnateke offentlegheit, skal ein gjere ei ny offentlegvurdering, ev. i samarbeid med sakshandsamar.

Ved publisering av fulltekstdokument på Internet får publikum automatisk godkjent ein førespurnad om innsyn i dokument som ikkje er unnateke offentlegheit, og ein kan lese dokumentet direkte på skjermen.

Førespurnad om innsyn skal registrerast i postjournal og arkiverast. Personar som i samsvar med gjeldande føresegner får tilgang til opplysningar unnateke offentlegheit, skal skrive under på at dei er kjende med det ansvaret dette medfører. Innsyn i papirbaserte originaldokument skal berre føregå under tilsyn, elles skal ein gi innsyn i kopiar eller elektroniske versjonar. Kopiering av dokumenta skal skje vederlagsfritt.

Arkivtenesta skal vurdere om dokument det er bede om innsyn i, inneheld opplysningar som er unntatt frå innsyn etter offentleglova. Dersom dette er tilfelle, må ein ta stilling til om ein kan gi innsyn i resten av dokumentet eller om heile dokumentet skal bli unntatt frå innsyn.

Ein skal praktisere meiroffentlegheit i Meland kommune. Det vil seie at ein skal vurdere om ein bør gi innsyn i heile eller delar av dokumentet sjølv om det kan unntakas etter føresegner i lova. (Ofl. § 11). Ein skal ikkje vurdere meiroffentlegheit for opplysningar underlagt teieplikt.

Dersom det blir gitt avslag på krav om innsyn, skal avslaget grunnjevast med lovheimel. Dersom dokumentet/journalposten vert skjerma eller unntatt med heimel i Ofl. § 13 skal det visast til den lovbestemminga som gir grunnlag for teieplikta (t.d. Fvl. § 13-1 eller 13-2). Det er i utgangspunktet berre dei opplysningane i dokumentet som er underlagt teieplikt som skal unntakas.

Partsinnsyn

Forvaltningslova regulerer retten til innsyn for part i sak. Ein part i sak er definert som ein person som ei avgjersle retter seg mot eller som saken elles direkte gjeld (Fvl. § 2-e). Den som er part i sak

der det vert gjort enkeltvedtak har ofte behov for å gjere seg kjend med dokumenta i saka. Hovudregelen er at part i sak har rett til innsyn i saksdokumenta (§ 18, 1. ledd). Ein må ha heimel for å nekte parten rett til innsyn. Heimel finn ein i § 18, 2. ledd, som gjer tilgang til å nekte innsyn i dokument utarbeidd for organets interne saksførebuing, eller i § 19 som innskrenkar tilgangen til å krevje innsyn i visse opplysingar.

I Fvl § 20 er det reglar for korleis dokumenta skal gjerast tilgjengelege for parten.

Dersom parten blir nekta innsyn kan vedkommande klage etter reglar i Fvl. § 21.

Innsyn i personopplysningar

Førespurnad om innsyn i personopplysningar er regulert av [personopplysningslova](#). Førespurnaden skal ikkje forvaltast av arkivtenesta. Det er leiar for den aktuelle tenesteeininga ([behandlingsansvarleg](#)) som skal forvalte innsynet her. Innsynet skal forvaltast i tråd med personopplysningslova med forskrifter.

Organintern korrespondanse

Organintern korrespondanse skal journalførast når dokumenta inneheld informasjon som må reknast som vesentlege opplysningar i saker som organet behandlar.

Organintern korrespondanse som går mellom tenesteområde med edb-basert sak-/arkivsystem og manuelle journalsystem skal alltid journalførast.

Inngåande brev som ikkje er saksdokument, men som inneheld vesentleg dokumentasjon, skal ikkje journalførast når desse blir registrert på andre måtar, t.d. i personregister, rekneskapssystem e.l.

Arkivnøklar og andre ordningsprinsipp

Arkivnøklar og andre ordningssystem tilsvarar ordningsprinsipp i Noark-5. Kommunen brukar frå 28.01.2014 følgjande arkivnøkkel og arkivordningssystem:

1. K- kodar, hovudnøkkel 2012-2015 i fullelektronisk Websak Fokus.
2. Ordning etter gards- og bruksnummer blir brukt til registrering i Websak Fokus og til oppstilling av eigedomsarkiv.
3. Ordning etter fødselsdato blir brukt til følgjande arkivseriar:
 - Personalarkiv
 - Barnemappe
 - Barnehagemappe
 - Elevarkiv
 - Vaksenopplæring
 - Klientarkiv (papirarkiv)
 - Barnevernarkiv (papirarkiv)
4. Alfabetisk ordning etter etternamn/fornamn brukast til oppstilling av pasientarkivet i pleie og omsorg (papirarkiv).
5. Ordning etter alfabet og dato i kopibøker for papirarkiv.
6. Ordning etter saksnummer og møtedato for møte- og vedtaksbøker per år for innbundne møtebøker i papir.

Andre ordningssystem kan berre takast i bruk etter godkjenning frå arkivleiar.

Delegasjonsreglement

1. [Delegeringsreglement pr 2012.pdf](#) 426,82 kB
2. [Subdelegeringsreglement pr 2013.pdf](#) 398,27 kB

Bortsetjingsarkiv, fjernarkiv og depot

Interkommunalt arkiv i Hordaland er Meland kommune sitt depot for kommunale arkiv. Les [meir om depotordning for Meland kommune](#). På Ikah sine heimesider finn du informasjon om [Depottenester](#) og [Avlevering av arkiv](#).

Saksarkiv:

Meland kommune har i løpet av 2017 avlevert saksarkiv frå heile kommunen fram til og med 1999. Ytterlegare saksarkiv frå 2000 til 2014 står arkivert lokalt i kommunen sitt fjernarkiv i Meland rådhus, bortsett frå ytre einingar som skule, barnehage og pleie- og omsorg, som har saksarkiv for same periode lagra lokalt. Eigedomsarkivet til kommunen vert i løpet av 1. halvår 2018 sendt til Dansk Scanning i Danmark for scanning. Papirarkivet vert etter skanning og pakking returnert og avlevert Ikah, direkte frå Danmark.

I samband med kommunesamanslåing mellom Lindås, Meland og Radøy 01.01.2020 skal papirarkiva avleverast Ikah, i tråd med eigen depotavtale i samband med kommunersamanslåinga. Denne depotavtalen er p.t ikkje klar.

Ved overgang til fullelektronisk arkiv, Websak Fokus i 28.01.2014, er reglement for tilgang til arkiva endra:

- Digitalt daglegarkiv: Tilsette i eigen avdeling, (tilgangsstyring), samt arkivpersonale på dokumententeret
- Digitalt bortsetjingsarkiv: Tilsette i eigen avdeling, (tilgangsstyring), samt arkivpersonale på dokumententeret
- Papirarkiv - Fjernarkivet: Arkivleiar og utpeika sekretær ved Dokumententeret. Nøkkel til fjernarkivet må hentast hjå arkivleiar. Arkivleiar eller utpeika sekretær har ansvar for å finne fram arkivmateriale eller vere med når det er behov for utlån. Ved utlån av materiale frå arkivboks skal det nyttast utlånskort. Arkivboksar kan ikkje takast ut frå fjernarkivet.

Fagarkiv:

- Elev og barnearkiv vart fullelektronisk frå 28.01.2014. Papirarkiva frå tida før dette er arkivert og lagra lokalt i einingane.
- Meland PPT gjekk over frå papirarkiv til fullelektronisk arkiv den 22.01.2018. Papirarkivet for PPT er plassert i fjernarkivet i Meland rådhus.
- Nav, barnevern og pleie- og omsorg har framleis papirarkiv og arkiva står plassert i einingane.
- Legekontor og helsestasjon er fullelektronisk, men har ståande eldre pasientarkiv i egne kontorlokaler, samt i fjernarkivet i underetasjen i Meland rådhus.

Sekretær i fagområda har det ansvar for arkivet i fagområda, med dagleg arkivering og ajourhald.

I samband med kommunesamanslåing mellom Lindås, Meland og Radøy 01.01.2020 skal papirarkiva avleverast Ikah, i tråd med eigen depotavtale i samband med kommunersamanslåinga. Denne depotavtalen er p.t ikkje klar.

Reglement for finansforvaltninga

- [Reglement for finansforvaltninga Meland kommune.pdf](#) 4,52 MB

Politisk reglement

1. [Reglement for Meland kommunestyre Revidert pr juni 2015.pdf](#) 453,19 kB
2. [Reglement for Meland formannskap Revidert pr nov 2016.pdf](#) 500,95 kB
3. [Reglement Adm.utval 2013.pdf](#) 202,71 kB
4. [Reglement for hovudutval rev sept 2016.pdf](#) 470,42 kB
5. [Mandat for Fellesråd Eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.pdf](#) 84,66 kB
6. [Retningslinjer - arbeidsvilkår folkevalde.pdf](#) 1,07 MB

Lover og forskrifter

Arkivarbeidet er regulert av ei rekkje sentrale lover og forskrifter. Her er eit oversyn over dei mest sentrale lover for dokumentbehandling og arkiv i kommunane. Lovdata er til ei kvar tid oppdatert. Det er lagt inn lenkjer frå arkivplanen direkte til den enkelte lov og forskrift på [lovdata si heimeside](#).

Arbeidsmiljølova

[Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv.
\(arbeidsmiljølova\)](#)

Bevaring og kassasjon

Formålet med bevaring av offentlige arkiv er å sørge for at arkiv som har stor kulturell eller forskningsmessig verdi, eller som inneheld rettslig eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, blir bevart og gjort tilgjengelig for ettertida.

Bevaringsverdig materiale skal avleverast/deponerast til et arkivdepot når organet som har skapt materialet (*arkivskaper*), ikkje lenger brukar det i si verksemd.

Arkivloven med forskrifter ([sjå lovheimlar](#)) danner det rettslige grunnlaget for arbeidet med bevaring og kassasjon i offentlig forvaltning.

Bokføringslova

Link til lovdata;

[Lov om bokføring](#)

Datatilsynet

Datatilsynet skal medverke til at den einkilde ikkje vert krenka gjennom bruk av opplysningar som kan knyttast til han eller henne.

Datatilsynet er oppretta for å sjå til at personopplysningslova vert fulgt.

Formålet med lova er å verne den einkilde mot krenking av personvernet gjennom bruk av personopplysningar. Datatilsynet er både tilsyn og ombud og eit uavhengig forvaltningsorgan administrativt underordna Kongen og departementet.

Kongen og departementet kan ikkje instruere eller omstøyte Datatilsynets utøving av myndigheit i enkelttilfelle etter loven.

Datatilsynet skal føre ei offentleg liste over alle behandlingar som er melde eller som har konsesjon.

Vidare skal tilsynet behandle konsesjonar og vurdere å gi pålegg.

Datatilsynet skal informere og gi råd i forhold til personvernet generelt og farar for personvernet spesielt, hjelpe bransjane med å utarbeide eigne normer for åtferd samt gi råd om sikring av personopplysningar.

Meir om [Datatilsynet og dets rolle og oppgaver](#) finner du hjå datatilsynet si nettside.

eSignaturlova

Link til lovdata;

[Lov om elektronisk signatur](#)

Forvaltningslova

- [Forvaltningslova](#) omhandlar tilgang til visse typar arkivmateriale gjennom føresegner om teieplikt og partsinnsyn. Lova gjev og retningsliner og krav til sakshandsaminga som får konsekvensar for m.a. rutineoppbygging i kommunen/heradet.
- Forvaltningslova heimlar og [Forskrift om elektronisk kommunikasjon](#) som gjev retningsliner om elektronisk kommunikasjon og sakshandsaming i offentleg forvaltningsorgan
- [Forskrift til forvaltningslova](#).

Kommunelova

Kommunelova har fylgjande føresegner relevant for dokumenthandsaming og arkiv:

- "§ 30. *Møteprinsippet*. Folkevalgte organer treffer sine vedtak i møte.
- Når en sak skal avgjøres av annet organ enn kommunestyret eller fylkestinget, kan lederen for organet beslutte saka tatt opp til behandling ved fjernmøte eller ved skriftlig saksbehandling. Dette kan likevel bare gjøres når det er påkrevd å få avgjort saken før neste møte, og det enten ikke er tid til å kalle sammen til ekstraordinært møte, eller saken ikke er så viktig at dette må anses nødvendig. Departementet kan gi nærmere regler om adgang til å treffe vedtak på grunnlag av fjernmøte eller skriftlig saksbehandling.
- Det skal føres møtebok over forhandlingene i alle folkevalgte organer. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv nærmere regler om føring av møtebok.
- § 39. *Reglement. Arkiv*. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
- Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver."
- Heile lova finn du på Lovdata.no

Lov om arkiv

- [Lov av 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv](#) , (i daglegtale kalla arkivlova), er ei generell lov for offentlege arkiv. Lova har og føresegner om vern av private arkiv. Lova tredde i kraft 1. januar 1999.
- Føremålet til lova er bevaring og tilgjengeleggjering for ettertida.
- Arkivet inneheld rettsleg og forvaltningsmessig dokumentasjon.
- [Forskrift om offentlige arkiver av 11. desember 1998 nr 1193](#) - er gjeven med heimel i arkivlova § 12. Forskrifta er eit omfattande dokument som regulerar de fleste sidene ved arkivfunksjonen i kommunen/heradet.
- [Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver](#)
Kapittel IX: Elektronisk arkivering av saksdokumenter

Lov om helsepersonell og Pasientjournalforskrifta

- [Lov om helsepersonell kap 8](#) gjev føresegner om dokumentasjonsplikta når det vert utført helsetenester.
- [Forskrift om pasientjournalar](#) gjev nærmare retningsliner for oppretting, innhald og føring, overføring og oppbevaring av journalar for dei enkelte pasientane.

Lov om pasient- og brukarrettar

[Kapittel 5 i lov om pasientrettar](#) (Pasientrettigheitslova) gjev føresegner om pasienten sin rett til innsyn i sin eigen pasientjournal.

Matrikkellova

[Lov om eigedomsregistrering \(Matrikkellova\)](#)

Offentleglova

- [Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd](#), regulerer ålmenta sin tilgang til saksdokumenta i forvaltninga. Alle saksdokument, slik dei er definert i offentleglova, er arkivmateriale etter arkivlova
- Relevante forskrifter:
 - [Forskrift til offentlighetslova](#)

[Rettleiar til offentleglova](#)

Opplæringslova

Link til lovdata;

[Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa](#)

Personopplysningslova og Personopplysningsforskrifta

[Personopplysningslova](#) omhandlar handsaming av personopplysningar og sensitive personopplysningar i offentleg verksemd. Lova set vilkår for handsaming av slike opplysningar. Den gjev rettar m.a. om innsyn og informasjon og den stiller krav til system og rutinar for handssaming av personopplysningar .

Til lova høyrer og [Forskrift til personopplysningslova](#) som særleg omhandlar tryggingstiltak og risikoanalyse ved bruk av elektroniske verktøy for handsaming av sensitive personopplysningar

Pliktavleveringslova

Pliktavlevering er ei plikt til å avlevera allment tilgjengeleg materiale som ein har produsert til institusjonar som [Nasjonalbiblioteket](#). I Norge er det pliktavleveringslova av 9.juni 1989, *lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument* som regulerar dette.

§1: «Føremålet med denne lova er å tryggja avleveringa av dokument med allment tilgjengeleg informasjon til nasjonale samlingar, slik at desse vitnemåla om norsk kultur og samfunnsliv kan verta bevarte og gjorde tilgjengelege som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.»

Denne lova er nøytral i forhold til format og medium. Det vil seia at lova gjeld ikkje berre for bøker og tidsskrifter, men og for film, lyd, kringkasting, digitale dokument osv.

[Pliktavleveringslova](#)

[Forskrift om avleveringsplikt for allment tilgjengelige dokument](#)

Rekneskapslova

Link til lovdata: <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-56?q=rekneskapslova>

Sikkerheitslova med forskrifter

- [Lov om førbyggande sikkerhetsteneste](#) gjev føresegner om informasjonstryggleik og tryggleiksklarering for informasjon og dokumentasjon som vedkjem nasjonal tryggleik.
- [Forskrift om tryggleiksadministrasjon](#) gjev m.a. føresegner om risikohandtering av skjermingsverdig informasjon
- [Forskrift om informasjonstryggleik](#) gjev m.a. føresegner om journalføring av tryggleiksgraderte dokument

Straffelova

Straffelova - arkivfaglege viktige heimlar:

"§ 120. Har en offentlig Tjenestemand i nogen Tjenesten vedkommende Protokol anført Usandhed eller lagt Skjul paa Sandheden, eller har han ved Udfærdigelsen af Protokoludskrift, Telegram eller Telefonmeddelelse eller ved Stempling, Merkning eller anden tjenstlig Erklæring, der er afgiven for at tjene som Bevis, anført eller bevidnet Usandhed eller lagt Skjul paa Sandheden, straffes han med Tjenestens Tab eller med Fængsel indtil 3 Aar, men indtil 6 Aar, saafremt han har handlet i Hensigt at forskaffe sig eller andre en uberettiget Vinding eller at skade nogen.

§ 121. Den som forsettlig eller grovt uaktsomt krenker taushetsplikt som i henhold til lovbestemmelse eller gyldig instruks følger av hans tjeneste eller arbeid for statlig eller kommunalt organ, straffes med bøter eller med fengsel inntil 6 måneder.

Begår han taushetsbrudd i den hensikt å tilvende seg eller andre en uberettiget vinning eller utnytter han i slik hensikt på annen måte opplysninger som er belagt med taushetsplikt, kan fengsel inntil 3 år anvendes. Det samme gjelder når det foreligger andre særdeles skjerpene omstendigheter.

Denne bestemmelse rammer også taushetsbrudd m.m. etter at vedkommende har avsluttet tjenesten eller arbeidet.

Endret ved lover 27 mai 1977 nr. 40, 28 juli 2000 nr. 73.

§ 122. En offentlig Tjenestemand, der ulovlig aabner eller tilsteder nogen at aabne et ham i Tjenestens Medfør betroet Brev, straffes med Tjenestens Tab eller med Fængsel indtil 3 Aar, men indtil 6 Aar, saafremt han forøver Forbrydelsen for at forskaffe sig eller andre en uberettiget Vinding.
"

Heile lova finn du på [lovdata](#)

Aktuelle nettstadar

- [Arkivverket](#) - er sett saman av Riksarkivet, 8 statsarkiv, Samisk arkiv og Norsk helsearkiv.
- [Interkommunalt arkiv i Hordaland](#) - eit selskap etter IKS lova, eigd av 32 kommunar i Hordaland fylke. Starta opp i 1987.
- [Bergen byarkiv](#) - er Bergen kommune sin arkivinstitusjon og arkivmyndigheit. Oppbevarer og tener arkivmateriale frå kommunal verksemd, bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar i Bergen.
- [Fylkesarkivet i Hordaland](#) - tek imot og oppbevarer eldre arkivsaker frå sentraladministrasjon og institusjonar i Hordaland fylkeskommune, og har ansvar for overordna, sams retningslinjer og rutinar for avlevering av arkivmateriale i heile fylkeskommunen.
- [Statsarkivet i Bergen](#) - hovudoppgåva til arkivinstitusjonane er å ta vare på, formidle og gjere tilgjengeleg arkiv frå den statlege forvaltinga. Statsarkivet i Bergen har ansvar for arkiva frå Hordaland og Sogn og Fjordane.
- [Arkivportalen](#) - ei nasjonal søketeneste på tvers av arkivinstitusjonane sine katalogar.
- [Norsk arkivråd](#) - arkivfagleg interesseorganisasjon.
- [Arkheion](#) - medlemsblad for de kommunale arkivinstitusjonane.
- [Nasjonalbiblioteket](#) - er ei viktig kjelde til kunnskap i Noreg. Verksemda omfattar innsamling, bevaring og tilgjengeleggjering av publisert innhald innanfor alle typar medium.
- [ICA](#) - The International Council on Archives. 1400 medlemmer i 199 land.
- [OEP](#) - Offentleg elektronisk postjournal er regjeringa sin innsynsteneste i offentlege dokument.
- [Datatilsynet](#) - skal medverke til at den einskilde ikkje vert krenka gjennom bruk av opplysningar som kan knyttast til han eller henne. Datatilsynet er oppretta for å sjå til at personopplysningslova vert følgd.
- [Offentlighet.no](#) - er for deg som er opptatt av openheit. Gjennom informasjon, rettleiing og råd om "retten til å vite" er denne nettstaden et verktøy for journalister og andre som vil ha tilgang til samfunnsinformasjon.
- [Siftelsen Asta](#) - tilbyr tenester innan ulike former for arkivarbeid, så som ordning, kartlegging og bevaring- og kassasjonsvurdering. Stiftelsen har forvaltningsansvaret for arkivinformasjonssystemet Asta, samt nettenesta Arkivportalen.
- [Bergen byleksikon](#) - Bergen byarkiv har overtatt rettighetene til den siste utgåva av byleksikonet og tilrettelagt det for bruk på Internett. Bergen byleksikon på Internett er ei gratis og lett tilgjengeleg teneste for alle.
- [Digitalt fortalt](#) - er ein nettstad med personlege forteljingar frå kulturinstitusjonar og privatpersoner. Forteljingane er knytt til kulturarv.

Arkivutdanning/kurs

- [Arkivakademiet](#) - er retta mot tilsette i arkivsektoren. Studiet tar for seg ulike sider av arkivdanningsprosessen.
- [Arkivskolen](#) - kurs - fagleg grunnlag du trenger for å utføre ein god jobb med dokumenthandtering/arkiv

Historikk

Krav og standarder

Arkivskaparen møter ei rekkje føresegner, retningslinjer, krav og standardar som gjeld arkiv. Det blir stilt krav til arkivlokale, kvalitet på papir til premanent bevaring, brukelege kulepennar og rekkefølge på papirarkivseriar.

Arkivlokale

Alle lokale der det blir oppbevart arkivmateriale i lengre tid, er arkivlokale.

Kva er eit arkivlokale?

Ifølgje arkivforskrifta § 4-1, er alle lokale der arkiv blir oppbevarte over tid, arkivlokale.

Papirjournalane skal oppbevarast i magasin.

Eit arkivlokale er staden der arkivmaterialet har fast tilhald. Kontor der dokument blir oppbevarte når dei inngår i saksbehandlinga, er ikkje arkivlokale.

- Aktivt arkiv som er i dagleg bruk, kan oppbevarast i kontorlokale nær arkivtenesta og saksbehandlarar.
- Bortsett arkiv som blir brukt sporadisk, kan oppbevarast i eit lokale lenger unna, men bør vere tilgjengeleg for arkivtenesta på ein enkel måte.
- Fjernarkiv som er svært sjeldan i bruk, kan oppbevarast langt unna, gjerne saman med andre verksemdar eller hos ein kommersiell aktør.

Arkivforskrifta omtalar to typar arkivlokale, vanlege arkivrom og spesialrom for arkiv.

Skal bortsett arkiv og fjernarkiv alltid oppbevarast i spesialrom?

Dersom det jamleg og ofte blir brukt arkivsaker i bortsettjingsarkivet, kan materialet oppbevarast i vanlege arkivrom.

Dersom dei bortsette sakene blir brukte vesentleg sjeldnare enn dei aktive sakene, skal dei bortsette sakene oppbevarast i spesialrom.

Kva er krava til arkivlokale?

I arkivforskrifta er det generelle krav som gjeld alle arkivlokale. For spesialrom for arkiv er krava strengare.

Offentlege arkiv skal oppbevarast slik at dei er sikra som informasjons- og dokumentasjonskjelder både på kort og lang sikt (jf. § 6 i arkivlova). Dette inneber at arkiva må oppbevarast i lokale som er egna for langtidslagring av arkiv.

Først og fremst må arkivmaterialet vernast mot ytre påverknad som kan føre til reduksjon eller tap av informasjon og dermed av verdien som dokumentasjon. Det er derfor viktig å:

- hindre at arkivmateriale blir skadd gjennom ytre påverknad (vasskadar, brann osv.)
- redusere den fysiske aldringa og slitasjen mest mogeleg (klimatiske forhold, fysisk og kjemisk

påverknad frå omgivnadene, bruksmessige forhold osv.)

- hindre at uvedkomande får tilgjenge til å skade eller fjerne arkivmateriale (skadeverk, ureglementert utlån og bruk, tilgrising og uorden osv.)
- hindre at uvedkomande får innsyn i arkivmateriale som ikkje er offentleg tilgjengeleg

Riksarkivaren har utarbeidd ei rettleiing for offentlege organ om krav til arkivlokale.

Utanriksdepartementet har sørgt for engelsk og fransk omsetjing. Temaet er også omtalt i Ivar Fønnes, Arkivhåndboken for offentlig forvaltning, Oslo 2009, kapittel 10.

[Bygningstekniske krav til arkivlokale](#)

[Bygningsfagleg tilstandsrapport](#)

Godkjent papir/Krav til papir

Ifølgje arkivforskrifta § 2-12 skal papir som lagringsmedium i offentlege arkiv oppfylle krava i internasjonal standard for permanent papir, ISO 9706.

Arkivverket godkjenner berre to papirtypar; kvitt, "ubestrøke" kontorpapir (80 g/m²) og papir til reguleringskart (90 g/m²). Førespørslar om å godkjenne andre papirtypar, blir avviste. Søknader om godkjenning skal innehalde dokumentasjon på at papiret oppfyller krava i ISO 9706 (1994) og ha vedlagt prøver på papiret som skal godkjennast. Spesifikasjonane i dokumentasjonen skal gis i samsvar med ISO-standarden. Dokumentasjonen skal vere utført av eit relevant laboratorium, men produsenten sine data blir aksepterte. Dokumentasjonen kan ikkje vere eldre enn tre år.

Godkjenningar blir gitte for tre år om gangen. Eldre godkjenningar utan tidsavgrensing skal også fornyast for periodar på tre år. Kunden har sjølv ansvar for å søkje om fornya godkjenning. Når det blir søkt om fornya godkjenning skal det leggjast fram ny dokumentasjon ettersom produksjonen kan vere endra sidan sist.

Nedanfor følgjer to lister over dei papirkvalitetane som Riksarkivaren har godkjent i samsvar med gjeldande standard. Den første lista gjeld papir til kontorbruk, den andre papir til reguleringskart.

Det er utløpsmånad og -år for godkjenningane. Godkjenningar som har stoppa i 4. kvartal 2012 er førebels ikkje fjerna frå lista. Listene blei sist oppdaterte 8. februar 2013.

Kontorpapir

Kravet vårt er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og "ubestrøke". Berre 80 g/m blir akseptert. Lista er avgrensa til papir for kontorbruk, for skrivarar og kopimaskinar. Vi har ikkje godkjenning for trykkpapir eller omslag, som nokre ganger blir brukt som kopieringspapir og som også kan oppfylle standarden for ISO 9706.

- Cocoon Office 10/2015
- Cocoon Offset 10/2015
- Cocoon Preprint 10/2015
- Copy 80 09/2015
- Data Copy 10/2015
- Diajet EcoColor Matt 3650 01/2014
- Image Business 10/2015
- Image Volume 10/2015
- Maestro Extra (grade 505) 12/2013
- MultuCopy Colour Laser 09/2015
- Nordic office 06/2013
- Pioneer 10/2015
- Pioneer Preprint 10/2015
- Plano Dynamic 09/2015
- Plano Plus 09/2015
- Sky Copy 09/2015
- Sky Laser 09/2015
- Staples Copy 12/2012

- Staples Multiuse 12/2012
- Staples Premium 09/2015
- Superior 09/2015
- Symbiographic 12/2012
- Symbiotext 12/2012
- Symbio Copy 10/2015
- Scandicopy 12/2012
- Team 10/2015
- Truecolor Papier Matt 3330 01/2014
- UPM Office copy/print 01/2016
- Zoom 12/2012
- Zoom Extra 12/2012

Papir til reguleringskart

Kravet vårt er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og "ubestrøke". Berre 90 g/m² blir akseptert. Lista gjeld papir til blækkskrivarar. Til fargekopiar opp til A3-format kan det også brukast vanleg kontorpapir, sjå liste 1.

- Maestro Extra (grade 505) 12/2013
- STP-90
- Z-Plot 650

(Kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-papir>)

Krav til kontorinnbindingssystem

Ifølgje fellesføresegnene for innbinding av møtebøker, kopibøker, register mv. i statleg og kommunal forvaltning (kap. VII i Forskrift om utfyllande tekniske og arkivfaglege føresegner om behandling av offentlege arkiv) kan Riksarkivaren godta visse typar av kontorinnbinding. Som følgje av dette fastsette Riksarkivaren i 2009 kriterium for godkjenning av retningslinjer for bruk av kontorinnbindingssystem.

Kriterium for godkjenning av kontorinnbindingssystem

Fastsette av Riksarkivaren 10. august 2009.

Det blir vist til forskrift 1. desember 1999 nr. 1566 om utfyllande tekniske og arkivfaglege føresegner om behandling av offentlege arkiv (Forskrift om behandling av offentlege arkiv).

Med heimel i kapittel VII, punkt 3, blir følgjande kriterium lagde til grunn for godkjenning av kontorinnbindingssystem:

- Kontorinnbindingssystem som ein ønskjer å få godkjent, må fysisk framleggjast for utprøving og vurdering. Ulike modellar blir godkjende individuelt.
- Innbindinga skal bestå av eit omslag eller av permar med ein innlagd, eventuelt pålimd, metallkanal. Ved hjelp av ei mekanisk innretning blir kanalen klemt saman om ryggen på arka som skal bindast inn.
- Metallkanalen må vere av rustfritt stål/fjørstål, ev. høglegert stål. Den må ha avrunda kantar så det ikkje oppstår rifter i overtrekksmaterialet.
- Dersom metallkanalen er pålimd, må det nyttast ein type lim som er kjemisk stabil over tid.
- Klemstyrken i maskina må vere stor nok til å kunne sikre at arka ikkje kan dragast ut. Klemstyrken må ikkje vere så stor at papiret blir skadd.
- Permane som blir nytta, må vere av syre- og ligninfri papp.
- Det må leggjast fram datablad på lim, papp og overtrekkspappir.
- Godkjenningar blir gitt for tre år, og det er ansvaret til forhandlaren å sørge for fornya godkjenning. Kan det dokumenterast at produksjon og modell er uendra sidan førre godkjenning, kan godkjenninga fornyast utan ny utprøving og vurdering.

Retningslinjer for bruk av kontorinnbindingssystem

Fastsette av Riksarkivaren 10. august 2009.

Det blir vist til forskrift 1. desember 1999 nr. 1566 om utfyllande tekniske og arkivfaglege føresegner om behandling av offentlege arkiv (Forskrift om behandling av offentlege arkiv).

Med heimel i kapittel VII, punkt 3, har Riksarkivaren fastsett kriterium for godkjenning av kontorinnbindingssystem. Følgjande utfyllande retningslinjer gjeld for bruk av kontorinnbindingssystem:

Ved innbinding til arkivformål skal det

- brukast stive permar dersom binda skal stillast opp separat. Skal binda oppbevarast i eske, kan det nyttast mjuke permar.
- øvst og nedst i kvar bunke skal det leggjast kvite, uskrivne ark som tilfredsstillar standard ISO 9706.

Godkjente innbindingssystem

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei innbindingssystema som er godkjente etter ovannemnde kriterium. Oversikta er sist oppdatert 5. mai 2011.

- Leitz Impressbind

(Kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-konto-rinnbindingssystem>)

Krav til lim og klister til etikettar

I føresegner om avlevering og overføring av ikkje-elektronisk arkivmateriale i statsforvaltninga, fastsette av Riksarkivaren 1. desember 1999 (forskrift nr. 1566) med heimel i forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv, heiter det i pkt. 8.4: "Etikettane skal limast på med lim etter standard godkjent av Riksarkivaren."

Problema med å finne fram til lim og få festa etikettar på ein tilfredsstillande måte, er av praktisk art. Riksarkivaren har derfor ikkje funne å ville gi egne forskrifter om dette, men har i staden fått utarbeidd ei rettleiing som vil vere til hjelp i det praktiske arbeidet. Rettleiinga blei sist omarbeidd i 2011 og godkjent av Riksarkivaren 6. april 2011.

1. Etikettar på arkivesker, kontorinnbindingar og bind utan kulturhistorisk verdi

På esker og bind som ikkje har nokon verdi utover det å verne bokblokka, kan fleire typar limstoff nyttast, for eksempel gummierte, stivelses-, akryl-, cellulose- eller vinylbaserte. Det er viktig at klisteret ikkje avgir skadelege substansar til bokblokka eller sure gassar som påverkar klimaet i magasina.

2. Etikettar på protokollar og bøker

På originalbind er det viktig å bruke eit limstoff som er reversibelt (kan fjernast) og ikkje bryt ned objektet. Det finst fleire typar lim på marknaden. Desse kan vere baserte på stivelse, cellulose, akryl eller andre substansar som let seg aktivere med vatn. Det finst også ferdige limetikettar som er akrylbaserte eller gummierte og som blir aktiverte ved lett fukting. Kva for eit limstoff som bør veljast, er avhengig av størrelsen på samlinga, økonomiske rammer og praktisk tilretteleggjing. Det er viktig at alle typar limstoff som blir nytta til etikettering er godkjente med om omsyn til spesifikke standarder og internasjonale retningslinjer.

Riksarkivet si konserveringsgruppe kan kontaktast om spørsmål som gjeld etikettering.

(Kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-lim>)

Pennar

Det svenske riksarkivet har i Riksarkivets föreskrifter och allmänna råd om tekniska krav och certifiering, RAFS 2006:4, 4 kap. § 4 ei liste over kulepennar som oppfyller krava i SS-ISO 11798, utgåve 1. Vi har ikkje kjennskap til om alle pennane er å få i Noreg.

ALKEJ AB

Artline Softline 1500, 0,3 mm, svart
Artline Softline 1500, 0,3 mm, blå
Artline Softline 1500, 0,3 mm, rød
Artline Softline 1500, 0,3 mm, grønn

Ballograf AB

Ballograf Original Refill, fine, medium, blå

Bic Nordic AB

Bic Crystal medium, blå
Bic Clic medium, blå

Jaan Ingel AB

Stainless TC ball INGLI 1,0 mm, blå

Noroffice AB

Neo-Fix rollerball, 0,5 og 0,7 mm, blå

Rahmqvist Delectum AB

New Roller 17721, svart
New Roller 17771, svart
New Roller 17723, 0,5 mm, blå
New Roller 17773, 0,7 mm, blå
New Roller 17722, 0,5 mm, rød
New Roller 17772, 0,7 mm, rød

Lista er henta frå Sveriges Provnings- og Forskningsinstituts (SP) liste over sertifiserte produkt. Se <http://www.sp.se/sv/index/services/certprod/certprodprofil/arkiv/skriv/kulp/Sidor/default.aspx> Den er oppdatert pr. februar 2009.

(kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-pennar>)

Lover og forskrifter

Arkivlova med forskrifter

[Lov av 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv](#) , i daglegtale kalla arkivlova, er ei generell lov for offentlege arkiv. Lova har også føresegner om vern av private arkiv. Lova vart iverksett 1. januar 1999.

Arkivlova har som formål å sikre arkiv som har vesentleg kulturell eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at disse kan bli tatt vare på og gjort tilgjengeleg for ettertida. Bevaring og tilgjengeliggjering for ettertida er formålet med loven.

Det er hovudsakleg to grunnar for vern av arkiv:

- Arkiver ivaretar verdiar knytt til kulturarv og forskning. Arkiva er "vårt" felles minne
- Arkivet inneheld rettsleg og forvaltningsmessig informasjon både for kommunen sjølv og for personar og verksemder som har vore gjenstand for sakshandsaming eller liknande.

Lova består av 23 paragrafer inndelt i fire kapittel.

Forskrift om offentlege arkiv

[Forskrift om offentlege arkiv av 11. desember 1998 nr 1193](#) - er gjeven med heimel i arkivlova § 12. Forskrifta er eit omfattande dokument som regulerer dei fleste sidene ved arkivfunksjonen i kommunen. Kor detalert forskrifta er varierer likevel frå tema til tema. Når det gjeld arkivrutinar gjev forskrifta relativt detaljerte føresegner. I andre tilfelle, t.d. om kassasjon, er det overlete til Riksarkivaren å ta stilling til korleis detaljane skal vere utforma. Tankegangen er at tilhøve som gjeld vern og arkivmessig tryggleik kan handterast etter ei fagleg vurdering frå Riksarkivaren, medan retningslinjer som grip direkte inn i dei administrative system og rutinane i forvaltninga, skal vere gjevne av Kongen i statsråd.

Arkivforskrifta utgjer 5 kapittel.

Riksarkivarens regelverk om offentlege arkiv

Forskrift til arkivlova av 01.12.1999 nr. 1566 om utfyllande tekniske og arkivfaglege bestemmelser om behandling av offentlige arkiv.

Forskriften vart gjort gjeldande fra 01.01.2000 og er gjeven med heimel i diverse paragrafar i arkivforskrifta. Forskrifta gjev nærmare retningslinjer om følgande område (alle lenkene fører til relevant kapittel hos Lovdata):

- Kapittel I: [Bestemmelser om bruk av mikrofilm i statsforvaltningen.](#)
- Kapittel II: [Bestemmelser om bruk av mikrofilm i kommunal forvaltning.](#)
- Kapittel III: [Felles bevarings- og kassasjonsbestemmelser for statsforvaltningen.](#)
- Kapittel IV: [Retningslinjer for arkivbegrensning og kassasjon i fylkeskommunale arkiv.](#)
- Kapittel V: [Retningslinjer for arkivbegrensning og kassasjon i kommunale arkiv.](#)
- Kapittel VI: [Bestemmelser om avlevering og overføring av ikke-elektronisk arkivmateriale i statsforvaltningen.](#)
- Kapittel VII: [Fellesbestemmelser for innbinding av møtebøker, kopibøker, registre m.v. i statlig og kommunal forvaltning.](#)
- Kapittel VIII: [Bestemmelser om elektronisk arkivmateriale som avleveres eller overføres som depositum til Arkivverket.](#)
- Kapittel IX: [Elektronisk arkivering av saksdokumenter](#)

Offentleglova med relevante forskrifter

[Lov om offentlighet i forvaltninga](#) regulerer ålmenta sin tilgang til saksdokumenta i forvaltninga. Alle saksdokument, slik dei er definert i offentleglova, er arkivmateriale etter arkivlova

Relevante forskrifter:

[Forskrift til offentlighetsloven](#)

[Forskrift om offentlighetslovens anvendelse på dokumenter som ikke er papirbasert.](#)

Kommunelova

Kommunelova har følgende føresegner relevant for dokumenthandsaming og arkiv:

§ 30. Møteprinsippet.

1. Folkevalgte organer treffer sine vedtak i møte.
2. Når en sak skal avgjøres av annet organ enn kommunestyret eller fylkestinget, kan lederen for organet beslutte saken tatt opp til behandling ved fjernmøte eller ved skriftlig saksbehandling. Dette kan likevel bare gjøres når det er påkrevd å få avgjort saken før neste møte, og det enten ikke er tid til å kalle sammen til ekstraordinært møte, eller saken ikke er så viktig at dette må anses nødvendig. Departementet kan gi nærmere regler om adgang til å treffe vedtak på grunnlag av fjernmøte eller skriftlig saksbehandling.
3. Det skal føres møtebok over forhandlingene i alle folkevalgte organer. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv nærmere regler om føring av møtebok.

§ 39. Reglement. Arkiv.

1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
2. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.

Heile lova finn du på [Lovdata](#)

Forvaltningslova med sentrale forskrifter

[Forvaltningslova](#) regulerer tilgang til visse typar arkivmateriale gjennom føresegner om teieplikt og partsinnsyn. Lova gjev også retningslinjer og krav til sakshandsaminga som får konsekvensar for m.a. rutineoppbygging i kommunen.

[Forskrift til forvaltningslova](#) tok til å gjelde 1. januar 2007.

Forvaltningslova heimlar også [Forskrift om elektronisk kommunikasjon](#) som gjev retningslinjer om elektronisk kommunikasjon og sakshandsaming i offentlege forvaltningsorgan.

Personopplysningslova og Personopplysningsforskrifta

[Personopplysningslova](#) omhandlar handsaming av personopplysningar og sensitive personopplysningar i offentleg verksemd. Lova set vilkår for handsaming av slike opplysningar, den gjev rettar m.a. om innsyn og informasjon og den stiller krav til system og rutinar for handssaming av personopplysningar

Til lova høyrer også [Forskrift til personopplysningslova](#) som særleg omhandlar tryggingstiltak og risikoanalyse ved bruk av elektroniske verktøy for handsaminga av sensitive personopplysningar

Lov om helsepersonell og Pasientjournalforskrifta

[Lov om helsepersonell kap 8](#) gjev føresegner om dokumentasjonsplikta når det blir utført helsetenester

[Forskrift om pasientjournalar](#) gjev nærmare retningslinjer for oppretting, innhald og føring, overføring og oppbevaring av journalar for dei enkelte pasientane

Lov om pasientrettar

[Kapittel 5 i lov om pasientrettar](#) (Pasientrettigheitslova) gjev føresegner om pasientens rett til innsyn i pasientjournalen

Sikkerhetslova med forskrifter

[Lov om førbyggande sikkerhetsteneste](#) gjev føresegner om informasjonstryggleik og tryggleiksklarering for informasjon og dokumentasjon som angår nasjonal tryggleik.

[Forskrift om tryggleiksadministrasjon](#) gjev m.a. føresegner om risikohandtering av skjermingsverdig informasjon

[Forskrift om informasjonstryggleik](#) gjev m.a. føresegner om journalføring av tryggleiksgraderte dokument

Barnehagelova

[Barnehagelova](#) er henta frå Lovdata sine sider

Opplæringslova

[Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa](#) (opplæringslova) (lenke til Lovdata sine sider).

Lov om vaksenopplæring

[Lov om vaksenopplæring](#) er henta frå Lovdata sine sider.

Lov om sosiale tenester

[Lov om sosiale tenester](#) er henta frå Lovdata sine sider.

Krav og standarder

Riksarkivaren har utarbeidd ei rekkje krav og standardar som gjeld arkiv og arkivarbeid. Dette gjeld mellom anna krav til arkivlokale, kva for papir som oppfyller kvalitetskrava som skal sikre permanent vern, kva kulepennar som er arkivgodkjent.

Pennar

Nedanfor følger ei list over eit utval pennar som er testa og godkjent som arkivbestandige. Dei fleste av desse fins i handel i Norge. Testen er utført av Sveriges Provnings- och Forskningsinstitut (SP).

Ballograf Bic AB

Bic Crystal, medium blå
Bic Clic, medium blå
Ballograf Original Refill, fine, medium svart
Ballograf Original Refill, fine, medium blå

Finns hos fleire ulike forhandlarar.

Rahmqvist Delectum AB

New Roller 17721 svart
New Roller 17771 svart
New Roller 17723 blå
New Roller 17773 blå
New Roller 17722 rød
New Roller 17772 rød

Selges direkte frå firmaet.

Rahmqvist Delectum AB

Soft Grip Pen 17174-1 og 17274-1 svart
Soft Grip Pen 17175-1 og 17275-1 svart
Soft Grip Pen 17172-1 og 17272-1 blå
Soft Grip Pen 17173-1 og 17273-1 blå

Lyreco AB

Kulpatron standard art nr 51283 blå
Kulpatron standard art nr 51281 svart
Kulpatron Germanstar art nr 51307 blå
Kulpatron Germanstar art nr 51305 svart

ALKEJ AB

Artline Softline 1500, 0,3 mm svart
Artline Softline 1500, 0,3 mm blå
Artline Softline 1500, 0,3 mm rød
Artline Softline 1500, 0,3 mm grønn

BN Svenska Wendt & Co AB

Pentel K 106 Hybrid roller, 0,6 med mer 3474370106018 svart
Pentel K 106 Hybrid roller, 0,6 med mer 3474370106025 blå

Pentel K 106 Hybrid roller, 0,6 med mer 3474370106032 rød

Lista er hentet frå "SPs förteckning över certifierad skrivmaterial 2001" fra Sveriges Provnings- og Forskningsinstitut (SP). Der vert også blekkpatroner til blekkstråleskrivarar, fargeband, tusj, stempelfargar og karbonpapir omtala, vidare kopimaskiner, skrivarar (også fargeskrivarar), telefaksar, plastfilm til å skrive på og mikrofilm som er sertifisert.

Godkjent papir

Nedanfor er to lister over dei papirkvalitetar som Riksarkivet har godkjent etter den internasjonale standarden for permanent papir, ISO 9706. Den første lista gjeld papir til kontorbruk, den andre papir til reguleringskart.

Ei meir utfyllande forklaring til papirstandarden kan lesast i Arkivmagasinet 3/94 (Arkivverket sitt tidsskrift).

Listene blei sist ajourført 07.01.2005.

1. Kontorpapir

Riksarkivet sitt krav er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og ustroke. Lista er avgrensa til papir for kontorbruk, for skrivarar og kopimaskiner. Riksarkivet har ikkje godkjenning for trykkpapir eller omslag, som av og til vert brukt som kopieringspapir og som og kan oppfylle standarden for ISO 9706.

Amicus Office	LPC 31
Amicus Personal	Master Laser
Berga Focus, 80 g/m2	Minolta Eksklusiv
Berga laser	Minolta Laser
Berga Speed, 80 g/m2	MoDo Balans
Binders Laser Copy	Multi Copy Cream
Biotop 3 Extra	Multi Copy Original
Canon CLC-High Grade	Multi Copy Pearl
Canon Color Copy	Multilaser
Canon Copystock	National 80
Canon Extra	Naturbond
Canon Joutsen	Norcopy 2000
Canon Natura	Oce Extra
Canon Office	Oce Standard label
Canon Standard Dry	Oce Ultra Copy
Charta	Oce Office Premium
Color Bond	OCR/Naturoffset
Color Copy	4Office
Color Copy/Color Copy R	4 CC
Colotech Plus	Optiimage fra Neusiedler
Copy X	Optigraph
Copyprint Universal	Optimum
Crown Bond	Optitext
Cyber Star	Partner/Bulky Partner
Data Copy	Pine Green
Dataline Copy og Print	Pine Green Laser Copy
Dataline Copy og Print Premium	PPC Plain Copy Paper
Future inktech	Reyprint Color Laser
Future imagetech	Reyjet Inkjet
Future lasertech	Reylux
Future multitech	Reymat
Hemptec	Reyspeed
Heimdal Copier	Symbio Text
Heimdal Copy	Scandia Allround
High Tech	Top Kopie
Inventum Laser	UPM Office copy/print
IQ Premium	UPM Office multifunction
IQ Trio Premium	UPM Office color laser
IQ Allround	White Woodfree Copier
IQ Economy	Wifsta Office
Kaskad vit	Xeikon Color Copy Rull
Kym Ultra Copy	Xerox 80
Kym Copy	Xerox Business
Kym Copy Lux	Xerox Colotech Plus
KymGold	Xerox Colotech Plus Rull
Lanier Natura95	Xerox Performer
Logic 300,	Xerox Planet Optimum
Logic 500	Xerox Premier
Logic 700	Yes Bronze
Logic image	Yes Silver

2. Papir til reguleringskart

JSO24/90 g (Thrane Printing Systems)

Océ standard 90 g (Océ Norge)

HRP 92 90 g (Gregersen tegneutstyr)

870 Ultra White Inkjet Paper (Sem og Stenersen Tegneteknisk)

Informasjonen er henta frå Arkivverket sine heimesider: www.riksarkivet.no

Lim

Problema med å finne fram til eigna lim og å få festa etikettar på en tilfredsstillande måte er av praktisk art. Riksarkivaren har difor utarbeidd ei rettleiing til hjelp i dette arbeidet.

1. Etikettar på arkivboksar

Eit tapetklister for våtrom vil eigne seg bra. Dette kan ein få ferdig eller i pulverform som må tilsettast vatn. Klisteret kan fortynnast med litt kaldt vatn, men ikkje for mykje. Det skal ha konsistens som graut som er lett å smøre utover.

Plastlim (sjå nedanfor) kan også nyttast, men klister er lettare å arbeide med.

2. Etikettar på protokollar og bøker

For å sette etikettar av papir eller lerret på protokoller eller bøker må du bruke **plastlim**. Det fins to typar som eignar seg, PVAc-lim og fotolim:

- **PVAc-lim:** Det er surt, men du kan likevel bruke det til etikettar fordi surhetsgraden ikkje er høg. Det kan ikke nøytraliseres.
Bindflex 1161 frå National Lim Norge A/S, Oslo, er et eigna lim basert på PVAc. Det kan kjøpast frå produsenten i større mengder, men vert seld også i mindre pakningar ned til ½ kg fra A/L Biblioteksentralen under navnet Biblioteklim. Dette limet bør fortynnast med vatn. Endå mindre kvanta får du kjøpt hos Sløyd-Detaljer, 3410 Sylling.
- **Fotolim:** Det har god klebeevne også på dei fleste glatte flater. Det vert produsert og markedsført av Krystal A/S, Drammen. Limet er imidlertid surt og må tilsettast ein buffer (nøytraliserande tilsetningsstoff). Etter avtale med Riksarkivet kan produsenten gjere dette med kvanta ned til fem liter. Limet skal ikkje fortynnast.

Plastlim eignar seg ikke til antikvariske bokbind, fordi etikettane truleg ikkje kan fjernes utan at underlaget vert skadd.

3. Framgangsmåte

Etikettane vert lagt på eit rommeleg papirunderlag, f.eks. ei gamal avis. Med flat eller rund pensel skal eit passe lag lim eller klister smørast på. La etikettene kvile ein lita stund til dei vert heilt slappe (som ved tapetsering), men ikkje la klebestoffet begynne å tørke. Stryk etikettane lett på med handa, legg eit reint papir over og trykk dei fast. Etikettane kan lett gå i stykker dersom ein gnir dei hardt.

Limen tørkar på 1-2 timer, men klister må tørke natta over. Lim og klister tørkar raskare dess meir ein tynnar det ut, men klebeevna vert då dårlegare. Lim er ikke vannløyseleg når det har tørka, i motsetnad til klister.

Arkivlokale

Utforminga av arkivlokale vert regulert av § 4 i arkivforskrifta.

Alle offentlege organ skal lage eit oversyn over arkivlokala og vurdere om dei oppfyller krava i forskrifta. Meir om dette og skjemaer som kan lastast ned finner du på desse sidene til Riksarkivet: [arkivlokaler, kartlegging](#).

I tillegg til forskrifta har Riksarkivet nokre utfyllande anbefalingar:

Golv og reolar i arkivlokale skal ha tilstrekkeleg bereevne for vekta til arkivmaterialet. Dette er i og for seg sjølvsagt, men det er og fastsett i § 4-4, andre ledd. Rettleiande tal for beregning av vekta til arkivmateriale, basert på papirmateriale, er som følgjer (hm = hyllemeter):

Format	Hylledybde	Vekt
A4	32 cm	60 kg/hm
Folio	37 cm	80 kg/hm
Spesialformat	45 cm	120 kg/hm

I tillegg kommer vekta av reolar og eventuelt anne utstyr i rommet.

Arkivforskrifta stiller ikkje spesifiserte krav til klima for dei ulike typar arkivmateriale. Dette kommer nok delvis av at det stadig kommer til nye medier, og at ei slik liste derfor fort kan bli forelda. På den annen side har det ein skilde organ trong for konkrete spesifikasjonar dersom bestemminga skal få nokon praktisk verdi. Den følgjande tabellen er sett opp for å avhjelpe denne trongen. Tabellen må sjåast på som ein rettleiande spesifisering. Men det er grunn til å tro at Riksarkivaren vil stille krav som ligger nær desse:

Medium	Temperatur	Luftfuktighet	Spesielle krav
Papir	18 - 22 °C	45 - 55%	
Mikrofilm (arkivfilm)	10 - 15 °C	25 - 35%	Lokalet må vere støvfritt. Krever akklimatisering før bruk i vanleg romtemperatur
Magnetiske databerarar (diskettar, kassettbånd etc.)	18 - 22 °C	45 - 55%	Unngå elektriske installasjonar som kan påvirke magnetiseringen av databerarane. Unngå støv og anna forureining.
Optiske plater (CD/R)	18 - 22 °C	45 - 55%	

Arkivlokala skal vere separate einingar eller brannceller. Dette inneber at det skal kunne vere brann utanfor lokalet utan at brannen brer seg til arkivlokalet før etter ei berekna tid. For å oppnå dette må bygningsdelane som eit minimum være utført i materiale som er avgrensa brennbart. Krava til brannmotstandsevne er utforma i eit kodesystem som består av følgjande element:

bokstaven R som angir at bygningsdeler som er bærende, skal opprettholde sin lastbærende funksjon.

bokstaven E som oppgir at bygningsdelane skal motstå brannpåkjenning på ei av sidene utan at brannen smitter igjennom som følgje av gjennomtrengning av flammor og eller varme gassar.

bokstaven I som oppgir at bygningsdelane skal motstå brannpåkjenning på ei av sidene utan at

brannen overførast til baksida som følgje av betydeleg varmeledning.

eit tal som oppgir kor mange minutt dei aktuelle bygningsdelane skal oppfylle krava R, E og I.

Krava til arkivlokale er som følgjer:

Type lokaler	Brannmotstand	Krav til materialer
Arkivlokale i kontorrom	REI 30	Avgrensa brennbart materiale
Spesialrom for bortsettingsarkiv	REI 60	Avgrensa brennbart materiale
Spesialrom for eldre og avslutta arkiv (depotarkiv)	REI 120	Ikkje brennbart materiale

(Informasjonen er henta frå heimesidene til Arkivverket: www.riksarkivet.no)

Rundskriv frå Riksarkivaren

Delegasjonsreglement



MELAND KOMMUNE

Fagsjefane

H e r

Dykkar ref.

For. 96012548
Vir.ref. B033HT01
Arkiv nr. 033

Dato 19. november 1996

VEDK. SUBDELEGASJON


I kommunestyremøte 13.11.96 sak 125/96 vart "Delegasjonsreglement for Meland kommune" godkjendt.

Den delegerte mynde som rådmannen er tildelt skal etter nærare drøftingar vidare-delegerast, m.a. til fagsjefane. Slik subdelegasjon er enno ikkje føreteke.

For å ikkje skape store praktiske vanskar og uklarheiter, subdelegerer rådmannen med dette mellombels den mynde som gjeld fagområda til dei respektive fagsjefane. Dette gjeld også tilvisningsretten med unntak av investeringsbudsjettet.

Nærare presisering av subdelegasjon vil verta utarbeidd seinare i eit eige reglement.

RÅDMANNEN I MELAND


Helge Thorsen

Kopi: Ordfører
Revisjon

Adresse:	Telefon:	Telefax:	Bankgiro:	Postgiro, kutt:	Postgiro:	Opplysningsvesenst
1100 Frikjøng	56 17 40 00	56 17 78 20	3632 07 00242	0827 5812361	0805 5768104	56 17 40 00

Arkivnøklar og andre ordningsprinsipp

Arkivnøklar og andre ordningssystem tilsvarar ordningsprinsipp i Noark-4. Kommunen brukar pr.01.01.2000 følgjande arkivnøklar og arkivordningssystem:

1. Revidert utgåve av NKS arkivnøkkel frå 1976 skal brukast til å registrere emnekode i Web-sak og arkivkode i manuelle journalar, og til oppstilling av saksarkiva i kommunen.
2. Ordning etter gards- og bruksnummer blir brukt til registrering av objektkode i Web-sak og til oppstilling av eigedomsarkiv.
3. Ordning etter fødselsdato blir brukt til registrering av objektkode i bostøttearkivet. Ordning etter fødselsdato blir brukt til oppstilling av papirarkiva i klientarkiva etter sosialtenestelova, barnevernsarkivet, elevarkiva (og innan vaksenopplæring), arkiva over barnehagebarn og personalarkiva. Serieordninga skal vere slik at datoen er det primære kriteriet, månaden det sekundære og året det tertiære. Elektronisk blir desse ordna etter arkivkode og eigen ID innan kvar arkivkode.
4. Alfabetisk ordning etter etternamn/fornamn brukast til oppstilling av pasientarkivet i pleie og omsorg.
5. Ordning etter alfabet og dato i kopibøker.
6. Ordning etter saksnummer for møte- og vedtaksbøker per år.

Andre ordningssystem kan berre takast i bruk etter godkjenning frå arkivleiar.

Bortsetjingsarkiv, fjernarkiv og depot

Arkiv som har blitt skilt ut etter periodedeling skal overførast til bortsetjingsarkiv.

Bortsetjingsarkivet skal normalt innehalde materiale frå den føregåande arkivperioden og står på avdelingane. Arkivmaterialet bør vere ordna slik at bevaringsverdig og kassabelt materiale er oppbevart kvar for seg. Arkivskaparane har ansvaret for å halde vedlike systematikk og orden i bortsetjingsarkiv.

Etter 4 år i bortsetjingsarkiv kan materialet overførast til eit felles fjernarkiv i kommunen. Materiale som blir overført til fjernarkiv, skal vere kassasjonsbehandla. Ansvaret for vedlikehald av systematikk og orden i fjernarkivet ligg hos arkivskapar. Teknisk avdeling hadde fram til 31.12.2017 bortsetjingsarkiv og fjernarkiv saman. Pleie og omsorg har eget fjernarkivrom på Meland sjukeheim. Frå 2010 vert det tatt i bruk nytt fjernarkiv i rådhuset.

Etter 25 år blir saksarkivet avlevert til arkivdepot. Personregisterarkiv blir avlevert til arkivdepot 10 år etter siste kontakt/ innføring. Ansvaret for arkiva blir då overført frå den enkelte eining til kommunen som organ. Arkivdepotet er hos Interkommunalt arkiv og arkivmateriale avleverast etter spesiell avtale. Les [meir om depotordning for Meland kommune](#) her

I Meland kommune har desse medarbeidarane tilgang til arkivlokala:

- Daglegarkivet: Arkivpersonale og sekretærar
- Bortsetjingsarkivet: Arkivpersonale og sekretærar
- Fjernarkivet: Arkivansvarlege på alle avdelingar

Rutinar

Arkivrutinar

Ansvar for tildeling og ajourhold av brukarrettar i Acos Websak Fokus

Arkivleiaren (systemansvarleg) har hovudansvar for tildeling og ajourhald av brukarrettar til registrerings- og arkiveringsfunksjonar.

Ajourhald av brukarrettar:

- Arkivleiaren har ansvar for at brukarrettane vert ajourhaldne kontinuerleg.

Tenesteområdeleiar har ansvar for at arkivleiaren vert informert/varsla om

- tildeling av brukarrettar til nye personar i sak/arkivsystemet.
- personar som ikkje lengre skal ha brukarrettar i sak/arkivsystemet.
- endring av ein persons brukarrettar i sak/arkivsystemet.

det kan skje slik:

- ved ny tilsetjing.
- ved endring i stilling som fører til endra rettार i sak/arkivsystemet.
- når tilsette sluttar.

Meldinga skal innehalda:

- Den tilsette sitt fulle namn, stillingstittel, tlf.nr, e- postadresse og nt- brukarpålogging.
- Nøyaktig dato for endring av brukarrettar/oppretting av ny bruker/stopp av brukarrettar.
- Spesifisering av kva tilganger og roller den tilsette skal ha, eller evt. stopp av tilganger.

Melding skal sendast pr e-post til arkivleiar.

Ajourhald av brukarrettar i sak/arkivsystemet er grunnleggjande for tryggleiken i systemet, t.d for å sikra at sensitiv informasjon ikkje kjem på avvegar. Tildeling av brukarrettar er difor tenesteområdeleiar sitt ansvar.

Almenne arkivrutinar

Arkivrutinar som gjeld fleire tenestemråde

Arkivrutinar - Acos

[Arkivrutiner - Acos.pdf](#) 1,35 MB

Backuprutine

[Backuprutine.pdf](#) 255,27 kB

Rutine - Altinn

Beskrivelse av henting av innkommen post i Altinn.

- [Altinn og rutine for dokumentserveret.pdf](#) 75,48 kB

Rutine - Avslutting av arkivsaker

Rutine for avslutting av arkivsaker i Websak Fokus

- [Rutine for avslutting av arkivsaker i Websak Fokus.pdf](#) 80,07 kB

Rutine - Borgarleg vigsel i Meland kommune

- [Rutine ved borgarleg vigsel i Meland kommune.pdf](#) 358,73 kB
- [Bestillingsskjema_ Borgarleg vigsel.pdf](#) 75,40 kB

Rutine - Dokument som gjeld foreldrepermisjon

Rutine for behandling av dokument som gjeld avvikling av foreldrepermisjon

- [Rutine for dokument som gjeld avvikling av foreldrepermisjon.pdf](#) 51,82 kB

Rutine - henting av kommunal post på Kiwi

Meland kommune har egen nøkkel til postboks på Kiwi. Den er oppbevart i resepsjonen og skal hentast og leverast der. Det er p.t kun tilsette i resepsjonen og på Dokumentsenteret som skal hente kommunal post.

Rutine - Lærlingar

Akrivrutine for oppretting av malsak/arkivsak for lærlingar i Websak

- [Arkivrutine - Websak Fokus - lærlingar.pdf](#) 96,47 kB

Rutine - utlån av saker frå papirarkivet

Arkivsaker frå papirarkiv skal ikkje lånast ut, utan avtale med arkivleiar eller arkivansvarleg i fagområda for personarkiv.

- Ved utlån frå bortsettings,- eller fjernarkiv skal utlånskort fyllast ut med dato for tilbakelevering.
- Utlån av dokument/saker frå personarkiv skal avtalast med arkivansvarleg i aktuell teneste.

Saksbehandlar som låner arkivmateriale er ansvarleg for tilbakelevering til arkivet.

Arkivmateriale som er sendt til depot (Ikah - Interkommunalt arkiv i Hordaland) kan kun hentast ut via arkivleiar, eller andre som har fått løyve til dette. Dette er regulert gjennom avtale med Ikah. Slikt materiale vil kome som elektronisk kopi til postmottak i kommunen, som fordeler det vidare til aktuell saksbehandlar.

Rutine for behandling av post/ dokument

[Rutine for behandling av post_dokument.pdf](#) 851,00 kB

Rutine for kassasjon av papirdokument

Med heimel i Riksarkivarens føreskrift, kapittel IX; Elektronisk arkivering av saksdokument §1-3 kassasjon av papirversjonar ved skanning, kan dokumenta kasserast i tråd med desse bestemmelsane. For å oppfylle krava er det utarbeida rutinar for kassasjon av ferdig skanna papirdokument/saksdokument.

Sak og arkivsystemet WebSak Fokus er konfigurert slik at alle saksdokument må konverterast til gjeldande arkivformat ved journalstatus J. PDF-A-format.

Dokument skal oppbevarast dei 6 siste månadane på arkivet (bunka etter dato, skilje mellom gradert og ugradert dokument).

Første makulering skal gjennomførast 1 år etter at fullelektronisk arkiv er innført, 1. gong 01.01.2015. Når arkivtenesta har fått melding frå IT-tenesta om at backup, konvertering og uttrekk frå basen har vore vellykka, kan arkivtenesta gjennomføra makulering.

Dersom konvertering til arkivformat fungerer korrekt og alle rutinar om dette vert følgt, kan kassasjon av saksdokument følgja rutinane nedanfor.

I Meland kommune skal følgjande rutine følgjast;

1. Sjekkliste før kassering/makulering av saksdokument må utan avvik vere i orden.
 - Er det korrekt periode som ligg klar for makulering/kassasjon?
 - Er skanninga utført fortløpande og funnet korrekt ved journalføring?
 - Er produksjonsversjonar konvertert til arkivformat utan feil og manglar?
 - Er rutinar for sikkerheitskopiering følgt og funne i orden?
 - Er nokon av dokumenta eller vedlegga av ein type som skal bevarast i papirformat?
2. Ved feil og manglar skal alle slettings- og kassasjonsrutinar stoppast inntil sjekkpunktet er i orden.
3. Sakspost som skal makulerast følgjer særskilte rutinar der det er kontroll med at alt vert tilintetgjort (helst i påsyn av to personar ved særleg sensitivt materiale)
4. Dokumenta vert makulert ved å nytta blåe spann frå Fretex (makuleringsordning)

Rutine for oppretting av saker og registrering av dokument

[Rutine for oppretting av saker og registrering av dokument.pdf](#) 244,00 kB

Rutine for publisering på nett (Drum) - revidert

- [Kjøring av Drum - revidert rutine.pdf](#) 243,72 kB

Skrivereglar - generelle

[Skrivereglar - generelle.pdf](#) 463,80 kB

Svar Ut- hurtigguide

- [Svar Ut - Hurtigguide.pdf](#) 735,08 kB (kopi frå Osterøy kommune)

Barnevern, NAV og Pleie og omsorg

Rutine - journalføring av TT- kort, parkeringsløyve og følgjekort

[Rutine for journalføring av TT- kort, parkeringsløyve og følgjekort.pdf](#) 103,92 kB

Rutine - Visma Sampro IP - journalføring og arkivering

Visma Sampro IP er ei elektronisk løysing i "skyen". Koordinator leverer følgjande dokument til postmottak pleie og omsorg, for journalføring i CosDoc:

- 1) Melding om behov for IP/henvisning
- 2) Oppretting av IP, avgjerd/vedtak og samtykke
- 3) Referat/notat og rapportar

Fagprogrammet Acos CosDoc er arkivet til brukaren og dokumenta vert difor skanna inn i sak og arkivert i papir i brukar-/pasientmappe.

- [Mandat for systemkoordinator pr. mars 2017.pdf](#) 58,40 kB
- [Prosedyre for individuell plan og koordinator versjon 020916 040417.pdf](#) 411,95 kB

Rutine - Visma Flyktning

Rutine for arkivering av dokument i Visma Flyktning.

- [Rutine for postmottak - Visma Flyktning - 20.06.2018.pdf](#) 578,49 kB

Rutine - eSøknad Startlån

Kommunen er behandlingsansvarleg for søknadar om startlån, og alle søknadar skal difor arkiverast i kommunen sitt arkiv. Meland kommune starta frå januar 2017 opp med ny rutine for søknader om Startlån. Dette som ein konsekvens av at Husbanken innførte eSøknad startlån. Ei elektronisk løysing for søknad om startlån. Acos WebSak har ikkje eigen importfunksjon av innhaldet i søknad om startlån, men Husbanken sender søknadane via "FIKS plattformen," som ei vanleg forsending. Dokumentet vert henta inn som **eit inngående dokument** via SvarInn, på same måte som andre forsendingar kommunen mottar via SvarInn, i kommunen sitt elektroniske skjemamottak.

Arkivrutine:

- Postmottak mottek epost om at eSøknad er sendt. Postmottak vidare sender eposten til aktuell saksbehandlar på NAV
- Elektronisk skjema/eSøknad startlån vert motteke i Acos skjemamottak og journalført i Acos Websak
- Det er oppretta malsak for startlånsaker som skal brukast ved oppretting av ny sak
- Saksbehandlar på NAV er ansvarleg for å få journalført arkivverdig dokumentasjon i saka, eller sende aktuell dokumentasjon til Dokumentsenteret for journalføring
- Saksbehandlar på NAV skal sende "Beskjed til arkiv", eller på anna måte melde frå til Dokumentsenteret når saka er ferdigbehandla og skal avsluttast

Rutine postmottak - kommunal del i NAV

Under arbeid...

Rutine - Vaksenopplæring - vedtak norskopplæring flyktningar

Endring i rutine skuleåret 2018/2019 og ut 2019:

- [RUTINE_Vaksenopplæring norsk- og grunnskuleopplæring 2018_2019.docx](#) 25,49 kB
- [Vaksenopplæring - Vedtak norskopplæring.pdf](#) 635,77 kB

Tildeling av norsktimar vaksenopplæring for skuleåret 2017/2018 er gjort munnleg, i dialog mellom Meland og Lindås, utan formaliserte vedtak.

Rutine - pleie og omsorg

[Rutine postmottak pleie og omsorg pr. 01.10.2016.docx](#) 16,62 kB

Rutine - ny felles barnevernteneste Lindås, Meland og Radøy

Meland barnevernteneste blir frå 01.01.2019 slått saman med Lindås og Radøy barnevernteneste, med eige postmottak i barneverntenesta sine lokale i Knarvik. Radøy er vertskommune fram til etablering av Alver kommune 01.01.2020.

Barneverntenesta blir frå same tidspunkt fullelektronisk. Det er utarbeidd egne rutinar for nytt postmottak og arkiv som er å finne i Radøy kommune sin arkivplan.

For Meland kommune gjeld følgjande:

- Felles postmottak hentar ut dokument i Altinn, som kjem til Meland barnevernteneste sitt gamle organisasjonsnummer. Posten blir lagt i lukka konvolutt og levert resepsjonen. Posten blir henta kvar dag og journalført i barneverntenesta sitt fagsystem, Acos barnevern.
- Felles postmottak vidaresender epost som kjem til felles postmottak, som ikkje er sendt Radøy kommune. Mottar Meland kommune post som skal til journalføring i sak/arkivsystemet (Websak Fokus), så blir posten vidaresendt til Radøy kommune sitt postmottak for journalføring der.

Denne ordninga gjeld ut 2019 eller fram til ny melding vert gitt.

Personal, tilsetjing

Rutine - Rekrutteringssak

Rutine for rekrutteringssak - Kopiering/oppetting av dokument i personalmapper

- [Rekrutteringssak - kopiering, oppetting av dokument i personalmapper.pdf](#) 207,79 kB

Rutine personalmapper - revidert

- [Personalmapper - Revidert rutine.pdf](#) 142,56 kB

Rutine - Skjema for mellombels arbeidsavtale

Rutine for levering av skjema for mellombels arbeidsavtale

- [Rutine - Skjema for mellombels arbeidsavtale.pdf](#) 71,37 kB

Rutine - Behandling av permisjonssøknader

Rutine for behandling av permisjonssøknader

- [Rutine for behandling av permisjonssøknader.pdf](#) 112,47 kB

Rutine - Dokument som gjeld foreldrepermisjon

Rutine for behandling av dokument som gjeld avvikling av foreldrepermisjon

- [Rutine for dokument som gjeld avvikling av foreldrepermisjon.pdf](#) 51,82 kB

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Rutine for oppdeling av byggesøknader

[Rutine for oppdeling av byggesøknader.pdf](#) 128,34 kB

Klasseringskodar saker teknisk

[Klasseringskodar saker teknisk.pdf](#) 274,76 kB

Rutine - Fritak for feiing

Rutine for arkivering av søknader om fritak for feiing

- [Rutine - Fritak for feiing.pdf](#) 56,72 kB

Skule, SFO, barnehage, PPT, vaksenoppl ering

Skrivereglar for skule

[Skrivereglar for skule.pdf](#) 113,53 kB

Rutine for Barnehagesøknader og Barnemapper

[Rutine for Barnehagesøknader og Barnemapper.pdf](#) 242,45 kB

Rutine for Elevmapper SFO

[Revidert rutine for Elevmapper SFO.pdf](#) 191,76 kB

Rutine - Avslutning av barnehagesaker

Rutine for avslutning av barnehagesaker.

- [Barnehagesaker - rutine for avslutning av saker.pdf](#) 125,42 kB

Informasjon til PPT

Informasjon om dokument som må sendast PPT for journalføring i fagsystemet PPI.

- [Informasjon til PPT.pdf](#) 109,18 kB

Rutine - Lærartilgang og risikovurdering - Acos Websak Fokus

Rutine for lærartilgang til Acos Websak Fokus

- [RUTINE læartilgang Acos Websak Fokus_Revidert pr 28.09.2018 \(5\).docx](#) 16,39 kB
- [Risikovurdering_lærartilgang_websakfocus.docx](#) 21,85 kB

Rutine - Overføring av dokument frå Visma Flyt Skule til Websak Fokus

Rutine for overføring av dokument til elevmappe, klasselister og karakterprotokollar frå Visma Flyt skule til Websak Fokus.

- [Rutine - Overføring av dokument frå Visma Flyt Skule til Websak Fokus.pdf](#) 72,28 kB

Rutine for arkivet - Overføring og avslutting av elev- og SFO mapper

Rutine for arkivet - Overføring og avslutting av elev- og SFO mapper - Websak Fokus

- [Rutine for arkivet - overføring og avslutting av elev- og SFO mapper - Websak Fokus.pdf](#) 108,98 kB

Rutine for skulesekretærar/SFO-leiarar - Overføring og avslutting av elev- og SFO mapper

Rutine for skulesekretærar/SFO-leiarar - Overføring og avslutting av elev- og SFO mapper - Websak Fokus

- [Rutine for skulesekretærar og SFO-leiarar - overføring og avslutting av elev- og SFO mapper - Websak Fokus.pdf](#) 101,39 kB

Rutine - IOP til arkiv

[Rutine - IOP til arkiv.pdf](#) 375,62 kB

Rutineendring PPT - avslutting av sak

[Rutineendring PPT - avslutting av sak.pdf](#) 439,14 kB

Arkivrutine - Visma Flyt PPT

Den 22.01.2018 gjekk Meland PPT over frå fagsystemet PPI og papirarkiv, til Visma Flyt PPT og fullelektronisk arkiv. Det er nytta "skarpt skilje" ved denne overgangen. Mappene på barna som er registrert i nytt fagsystem har fått innlagt eit A4 ark med informasjon om overgangen. PPT- tenesta har plukka ut aktuelle dokument som vert skanna inn i nytt system, samt journalen frå PPI-programmet. Alle andre mapper er avslutta og vil ikkje finnast elektronisk. Alle mappene er fortløpande lagt i arkivboksar, sortert på fødselsår, for avlevering til depot. Sekretær for PPT lagar liste over innhald i kvar arkivboks.

- [Arkivrutine - overgang frå PPI til Visma Flyt PPT.pdf](#) 569,23 kB

Vaksenopplæring - vedtak grunnskuleopplæring

Endring i rutine skuleåret 2018/2019 og ut 2019:

- [Vaksenopplæring - Vedtak grunnskuleopplæring.pdf](#) 688,50 kB

Tildeling av timar vaksenopplæring grunnskule for skuleåret 2017/2018 er gjort munnleg, i dialog mellom Meland og Lindås, utan formaliserte vedtak.

Vaksenopplæring - vedtak norskopplæring

Endring i rutine skuleåret 2018/2019 og ut 2019:

- [Vaksenopplæring - Vedtak norskopplæring.pdf](#) 635,77 kB

Tildeling av timar vaksenopplæring norskopplæring for skuleåret 2017/2018 er gjort munnleg, i dialog mellom Meland og Lindås, utan formaliserte vedtak.

Rutine - Vaksenopplæring - norsk og grunnskuleopplæring

- [RUTINE_Vaksenopplæring norsk- og grunnskuleopplæring 2018_2019.docx](#) 25,49 kB

Møtebehandling

Acos møte

[Acos Møte.pdf](#) 364,19 kB

Arkivrutine for møtesekretærer i samband med politiske møte

Arkivrutine for innkalling til møte, samt etter møteprotokoll og møtebok.

- [Arkivrutine for møtesekretærer i samband med politiske saker.pdf](#) 85,84 kB

Rutine - Ugildskap og forfall

Rutine som gjeld ugildskap og forfall til politiske møte

- [Rutine som gjeld ugildskap og forfall til politiske møte.pdf](#) 76,46 kB

Helsestasjon og legekontor

Rutine - helsekort - Frekhaug helsestasjon

[RUTINE_Frekhaug_helsestasjon.pdf](#) 322,45 kB

Visma arkivkjerne - VSA - Visma Samhandling Arkiv

Meland kommune har i løpet av 2018 teke i bruk VSA - elektronisk lagring/arkivering for følgjande fagprogram;

I "sky:"

- Visma Sampro for IP

(Visma Sampro for IOP vert framleis arkivert i elevsak i Websak.)

I "sikker sone:"

- Visma Flyktning
- Visma PPT (Personsaker og systemsaker)

Visma Vaksenopplæring: Vedtak vert arkivert i Lindås kommune sin database for vaksenopplæring. Sjå arkivrutine "Skule, SFO, barnehage, PPT, vaksenopplæring."

Øvrig rutinebeskriving: sjå aktuelt teneste.

Bevaring og kassasjonsplan

Bevarings- og kassasjonsplan gjeld alle papirarkiv og elektronisk arkiv skapt i perioden 1964 til 2019 i Meland kommune.

I samband med kommunesamanslåing vart prosjektet *kartlegging, effektivisering og digitalisering i Fjell, Sund og Øygarden kommunar* satt i drift 1. februar 2017. Fase 2 i prosjektet var utarbeiding av bevarings- og kassasjonsplan. Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH) hadde gjennom handlingplan for perioden 2017 forplikta seg til å utarbeida framlegg til bevaring og kassasjonsbestemmelser. Arbeidet er omfattande og ressurskrevjande. For å løyse bestillinga frå *eigarkommunane* vart IKAH med i prosjektet fase 2 for Fjell, Sund og Øygarden kommunar.

Arbeidet med BK-plan byrja oktober 2017 og vart ferdigstilt februar 2018. Prosjektgruppa tok stilling til kva sakstypar/dokument som skal meirbevarast og sette kassasjonsfristar for dei sakstypar/ dokument som ikkje skal bevarast. (Gjennomgang av all saksbehandling i kommunen.) Prosjektgruppa valde å hovudsakleg å berre bevaringsvurdera dokument som normalt vil vere innom arkivtenesta til bevaringsvurdering. Prosjektgruppa har ikkje med dokument som for eksempel skjema for PH- måling i symjebasseng. Dette er dokument med svært kortvarig verdi.

BK-plan følgjer funksjonsinndeling frå bevarings- og kassasjonsreglane, og er ikkje knytt opp til kven som utfører oppgåva, men kartlegg korleis ei oppgåve/funksjon vert dokumentert. Dokumentasjonen er arkivobjektet som vert BK-vurdert. BK-planen kan slik nyttast av fleire kommunar. Lovtekst er referert på bokmål, elles er planen på nynorsk.

I arbeide med planen har prosjektgruppa sett til liknande arbeid som har vorte gjort ved IKA Rogaland og IKA Opplandene. Prosjektgruppa har og sett til Samdok-rapporten «Metodikk for bevaring av kommunale fagsystem» for dokumenttypar i pleie- og omsorgssektoren.

BK- planen er ein del av kommunen sin arkivplan, og er eit levande dokument. Funksjonar/ oppgåver er i stadig endring og utvikling, og det vil vere behov for å oppdatere BK-planen jamnleg.

Sjå Meland kommune sin BK- plan:

- [Bevarings og kassasjonsplan - ver august 2018_Adm.godkjent 20.08.2018.pdf](#) 1,99 MB

Elektronisk arkivering

Fullelektronisk arkiv - oppbygging og bruk av det elektroniske arkivet

Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglege bestemmelsar om behandling av offentlege arkiv, kap IX § 3-2. Oppbygning og bruk av det elektroniske arkivet

1. Kva kategoriar av saker, herunder typar av saksdokument, som skal arkiverast elektronisk, og kven som eventuelt iht. formkrav i lov- og regelverk eller av andre grunner skal arkiverast på papir, jf. § 3-1

Arkivseriar i WebSak Fokus

Arkivdel	Elektronisk	Merknad
AVT	Ja	Avtalar
BARN	Ja	Barnemapper
ELEV	Ja	Elevmapper
ES	Ja	Eigedomsskatt
GBNR	Ja	Gnr/ Bnr
MØTE	Ja	Politiske saker
PERS	Ja	Personalsaker
PLAN	Ja	Plansaker
SAK	Ja	Adm. saker
START	Ja	Startlånsaker
VOKSEN	Ja	Voksenopplæring

Dokumenttypar - oppbevarast på papir

For at ein arkivdel skal være elektronisk skal alle hovuddokument være elektroniske. Det er mulig å ha eit vedleggsarkiv på papir.

Dokumenttype	Kassasjon	Skanning av eigenproduserte dokument før utsending	Merknad
Avtaler, kontraktar for kjøp av tenestar, varer o.l.	Nei	Alle former for avtalar av denne type skal skannast når dei er endeleg signert. Dette gjeld og for avtalar som vi sender til avtalepartnar etter å ha signert avtalen.	NB! Skanning går føre seg etter at avtalen er endelig signert. Om avtaleinngåing har gått føre seg i elektronisk form, er det ikkje nødvendig å produsera eit papirdokument berre for å oppbevare dette. Ved elektronisk avtaleinngåing er det viktig at heile e-postkorrespondansen vert journalført og arkivert.
Bankgaranti	Nei		

Vedlegg som Nei
ikkje kan
skannast, f. eks
Bøker, Innbunde
utgreiingar,
anbodsdokument
o.l.
Dokument kor
skanning
reduserer
lesbarheten.

Det kan tas kopi av første (og eventuelt siste sida) - viss mulig - som vert skanna inn som eit vedlegg til hovuddokumentet.
Vedlegg skal påførast sak/dok. nr, arkivkode og merknad om at dei skal returnerast til sentralarkiv for arkivering etter endt saksbehandling.
Vedleggsarkiv vil ha som primær ordningsprinsipp K-kode, sekundær arkivsakID.

Dokument som må oppbevarast i papirversjon etter lov eller forskriftsbestemte formkrav (avtalar, kontraktar med bindande underskrift) vert arkivert i papirversjon. Dette går fram i journalen.

2. Kva arkivformat som skal brukast

I Meland kommune skal elektronisk skanna dokument eller eigenproduserte dokument konverterast til arkivformat godkjent av Riksarkivaren.

Følgjande format med tidspunkt for konvertering skal nyttast i WebSak:

Dokumenttype	Prod. format	Arkivformat	Tidspunkt for konvertering
Eigenproduserte dokument	Word, Excel, powerpoint	PDF-A	Ved journalføring (status J)
Skanna dokument	Pdf	PDF-A	Ved import og journalføring (status J)
E-post	TXT, Html. Fullstendig liste: Sjå Websak Basis - Adm - System - Lagringsformat	PDF-A	Ved import og journalføring (status J)

Alle journalposter i WebSak med status J, vert automatisk konvertert til arkivformat PDF-A.

3. Ved innføring av Websak Fokus nyttar Meland kommune digital signatur.

4 og 5. Retningslinjer for kassasjon av mottatte papirdokument som er skanna og arkivert elektronisk.

Papirdokument skal takast vare på i 6 månader før makulering i Fretex- container. Sjå elles arkivrutiner og backuprutine.

5. Ein plan for periodisering av arkivet og vedlikehald av det elektroniske materialet inntil det kan avleverast til arkivdepot.

I god tid før periodisering tek kommunen kontakt med Acos og IKAH (elektronisk depot)for nødvendig bistand. Meland kommune skal periodisera kvart 4. år, dvs. 1.januar etter kvart kommunestyreval, første gong 01.01.2016

For saksarkivet vert det ein overlappingsperiode på 2 år, for å avklare om saker er avslutta eller aktive. Det vert ikkje oppretta nye saker for den avslutta perioden, men eksisterande saker frå

perioden som får tilført nye dokument i løpet av dei to åra, vert definert som aktive saker og overføres til ny arkivperiode. I WebSak Fokus får arkivdelane som skal ha overlappingsperiode arkivstatus **O**, mens dei nye arkivdelane som vert oppretta som arvtakarar får status **A** (aktiv). Saker i arkivdelar med status **O** som får tilført nye dokument i overlappingsperioden, vert automatisk overført til den nye aktive arkivdelen. Når overlappingsperioden er slutt, skal det ikkje lenger overførast saker frå den gamle til den nye arkivdelen. Den gamle arkivdelen får da status **B** (bortsatt) og vert overført til ein vedlikehald og søkbar historisk database.

Avlevering til depot: To kopiar av dei avslutta arkivdelane ved periodisering, kopierast i godkjent format over på eit medium som Riksarkivaren til ei kvar tid anbefalar og som depotet krev. Deretter avleveres det til depotet med all nødvendig dokumentasjon liggjande ved. Depotet gjev nærare retningslinjer om krav og rutinar ved avlevering.

Skjema for mellombels journalføring

Skjema for mellombels journalføring skal liggje i papirform på Dokumentsenteret.

[FULLELEKTRONISK ARKIV - SKJEMA FOR MELLOMBELS JOURNALFØRING.doc](#) 58,50 kB

Nødprosedyre ved utilgjengeleg system

Nødprosedyre ved utilgjengelig system skal liggje i papirform på Dokumentsenteret.

[FULLELEKTRONISK ARKIV - NØDPROSEDYRE VED UTILGJENGELEG SYSTEM.docx](#) 27,14 kB

Rutine for kassasjon av papirdokument

Med heimel i Riksarkivarens føreskrift, kapittel IX; Elektronisk arkivering av saksdokument §1-3 kassasjon av papirversjonar ved skanning, kan dokumenta kasserast i tråd med desse bestemmelsane. For å oppfylle krava er det utarbeida rutinar for kassasjon av ferdig skanna papirdokument/saksdokument.

Sak og arkivsystemet WebSak Fokus er konfigurert slik at alle saksdokument må konverterast til gjeldande arkivformat ved journalstatus J. PDF-A-format.

Dokument skal oppbevarast dei 6 siste månadane på arkivet (bunka etter dato, skilje mellom gradert og ugradert dokument).

Første makulering skal gjennomførast 1 år etter at fullelektronisk arkiv er innført, 1. gong 01.01.2015. Når arkivtenesta har fått melding frå IT-tenesta om at backup, konvertering og uttrekk frå basen har vore vellykka, kan arkivtenesta gjennomføra makulering.

Dersom konvertering til arkivformat fungerer korrekt og alle rutinar om dette vert følgt, kan kassasjon av saksdokument følgja rutinane nedanfor.

I Meland kommune skal følgjande rutine følgjast;

1. Sjekkliste før kassering/makulering av saksdokument må utan avvik vere i orden.
 - Er det korrekt periode som ligg klar for makulering/kassasjon?
 - Er skanninga utført fortløpande og funnet korrekt ved journalføring?
 - Er produksjonsversjonar konvertert til arkivformat utan feil og manglar?
 - Er rutinar for sikkerheitskopiering følgt og funne i orden?
 - Er nokon av dokumenta eller vedlegga av ein type som skal bevarast i papirformat?
2. Ved feil og manglar skal alle slettings- og kassasjonsrutinar stoppast inntil sjekkpunktet er i orden.
3. Sakspost som skal makulerast følgjer særskilte rutinar der det er kontroll med at alt vert tilintetgjort (helst i påsyn av to personar ved særleg sensitivt materiale)
4. Dokumenta vert makulert ved å nytta blåe spann frå Fretex (makuleringsordning)

Heimeside - Meland kommune

Nasjonalbiblioteket;

"Nettarkivet hos NB høster automatisk inn alle kommunene sine hjemmesider/nettsteder (siden 2013). Kommunene trenger ikke gjøre noe aktivt for at avleveringene skal skje. Dette utfører Nettarkivet jevnlig, forsiden lagres hver time, tre nivåer ned på siden lagres en gang daglig. I tillegg hentes hele nettsiden til bunns én gang i måneden. NB skal få på plass en innsynsløsning 1. januar 2018."

Saksbehandlingsrutinar

Overgang til fullelektronisk arkiv - nye rutinar

[Overgang til fullelektronisk arkiv - ansvar og rutinar saksbehandl_leiarar.pdf](#) 190,13 kB

Ansvar og sjekkliste for saksbehandlarar og leiarar

[Ansvar_sjekkliste_saksbehandlarar_leiarar.pdf](#) 175,32 kB

Rutine for personalmapper - kortversjon for leiarar

[Rutine - personalmapper - kortversjon leiarar.pdf](#) 295,23 kB

Saksbehandlingsrutiner - Acos

[Saksbehandlingsrutiner - Retningsliner for saksbehandling i WebSak Fokus \(L\)\(5098\).pdf](#) 1,86 MB

Acos møte

[Acos Møte.pdf](#) 364,19 kB

Rutine formulering av politiske vedtak

Alle som skriv saker til politiske utval må vere obs på formuleringrutinane.

Det vert spesielt gjort merksam på kulepunkt 2, og korleis formuleringa skal vere når ei sak går vidare frå eit utval til kommunestyret. Les meir

Overordna prinsipp:

Alle saker til politisk utval skal klarerast med rådmannen på førehand, dette gjeld også saker til administrasjonsutvalet.

Formulering og skriving av vedtak:

- Vedtak i saker i politiske utval som skal vidare til kommunestyret for endeleg vedtak skal ha overskrift: "Samrøystes framlegg til vedtak: (event. Framlegg til vedtak mot røyster)"
- I saker som skal til kommunestyret skal vedtaket opnast med "Kommunestyret godkjenner" "
- Vedtak i utval for drift og utvikling, utval for levekår og administrasjonsutvalet skal opne med "»Namn på utval» godkjenner" "
- Dersom ei sak skal vidare frå administrasjonsutvalet til kommunestyret skal formuleringa vere: «Administrasjonsutvalet rår til at kommunestyret godkjenner"»
- Administrasjonen kan ikkje formulere framlegg til vedtak **i møtet**. (Men kan gi råd/bistand til politikarane.)
- Vedtakstekst må ikkje vise til anna vedtak utan at dette er referert.
- Alle framlegg til vedtak og endelege vedtak skal stå i hermeteikn

Føring av møtebøker:

- Utforminga skal følgje fastsett mal i sak-/arkivsystemet.
- Reglane i «Acos Møte» for bruk av funksjonar i sakspapir må følgjast.
- All saksbehandling i møtet skal førast i møteboka.
- Innstillingstekstar skal ikkje endrast etter møtet.
- Utsette saker skal ha med all tekst frå tidlegare behandling

Arkivleiar

Rutine - innkalling og møtebok politiske møte

[Rutiner for utsending av dokument til politiske møte 10.01.17.pdf](#) 220,96 kB

Rutine og Brukardokumentasjon "SvarUt"

I desember 2016 opna Meland kommune for å ta i bruk ny digital sendemåte i Websak Fokus ("SvarUt"), i tråd krav til auka digitalisering i kommunar og fylkeskommunar.

- [Rutine SvarUt.pdf](#) 314,81 kB
- [Brukerdokumentasjon SvarUt.pdf](#) 612,37 kB

Publisering av postliste på nett ("Drumkjøring")

Rutine for publisering av postliste på nett ("Drum- kjøring")

Meland kommune publiserer i hovudsak postliste kvar arbeidsdag, men postlista er 5 dagar + helg "på etterskot" på grunn av kontroll. Ved sjukdom og/ eller ved ferieavvikling kan det skje at postlista ikkje vert kjørt kvar dag.

Innstillingar i "Drum" er p.t som følgjer:

- Sletter arkivsaker kor arkivdel er ein av følgjande verdiar: "GBNR, PLAN", og det er meir enn 90 dagar sidan sluttdato
- Fjernar journalpostar kor det er meir enn 180 arbeidsdagar sidan journaldato og samstundes journaltype er ein av følgjande verdiar: "I, U, N", og arkivdel ikkje er ein av følgjande verdiar: "GBNR, PLAN"
- Fjernar journalpostar kor journalposttype er "X"
- Fjernar journalpostar kor journalpoststatus ikkje er ein av følgjande verdiar: "F, J"
- Fjernar journalpostar kor journalpoststatus ikkje er "J" og samstundes journalposttype er ein av følgjande verdiar: "I, U, N"
- Fjernar journalpostar kor det er mindre enn 5 arbeidsdagar sidan journaldato og samstundes journalposttype er ein av følgjande verdiar: "I, U, N"
- Sletter arkivsaker kor arkivdel er ein av følgjande verdiar: "BARN, ELEV, VOKSEN"

Spesialrutinar

Brann

Flaum- og vasskadar

Ved mindre fuktskadar

Ved mindre fuktskadar held det å lufttørke arkivmaterialet. Protokoller bør opnast og setjast på høgkant, eller leggst med trekkpapir mellom sidene. Dokument bør takast ut av arkivboksane og leggst utover i mindre bunkar. Fjern plast og binders, dersom dette ikkje alt er gjort. Ein kan gjerne bruke kondensfjernar og kaldluftvifter, men ein bør unngå varme. Dette aukar nedbrytningshastigheita i papiret og kan gje grobotn for sopp.

Ved store vasskadar

Ved større vasskadar skal arkivmateriale leggst i tette plastposar/sekkar og frysast ned så fort som mogleg for å stanse blekkutflyting, soppvekst, og annan nedbrytning av papiret. Send arkivmaterialet i nedfrosen tilstand til eit spesialfirma som kan frysetørke arkivsakene.

Soppskadar

Arkivmateriale vert utsett for sopp når det vert oppbevart i fuktig miljø. Høg temperatur aukar tempoet i sopp utviklinga. Dersom ein oppdagar arkivmateriale med sopp, så må ein straks flytte materialet til ein tørr stad. Flytt ikkje soppangrepet arkiv saman med materiale som er utan sopp.

Soppangrep på papir kan ha fleire slags utsjånad og fargar. Det kan vere svart, brunt, rosa/lilla, ferskenfarget m.m.

Sopp skal fjernast fysisk, med støvsugar. Ein må bruke sentralstøvsugar eller støvsugar med hepa-filter, slik at sopp sporene ikkje berre går gjennom støvsugaren og ut i lufta igjen. Aller helst bør støvsuginga gå føre seg ute eller i rom med avtrekk. Sopp kan vere helsefarleg (jfr. soppskade i hus som kan føre til ml.a. luftveisplager og hovudsmertar) så det er viktig å ta forholdsreglar, særleg dersom det er mykje sopp.

Dersom det er veldig lite sopp, kan ein bruke ein tørr klut for å tørke det vekk.

Historikk

Utvalsaker

Utvalsaker:

Overordna prinsipp:

Alle utvalsaker skal klarerast med rådmannen på førehand, dette gjeld også saker til administrasjonsutvalet.

Formulering og skriving av vedtak:

- Vedtak i utvalsaker som skal vidare til kommunestyret for endeleg vedtak skal ha overskrift: "Samrøystes framlegg til vedtak: - (event. Framlegg til vedtak mot røyster)"
- I saker som skal til kommunestyret skal vedtaket opnast med "Kommunestyret godkjenner"
- Vedtak i administrasjonsutvalet skal opne med "Administrasjonsutvalet godkjenner"
- Skal saker oversendast frå utval til administrasjonen (rådmannen) for vidare arbeid, skal dette stå i vedtaket.
- Administrasjonen kan ikkje formulere framlegg til vedtak **i møtet**. (Men kan gi råd/bistand til politikarane.)
- Vedtaktekst må ikkje vise til anna vedtak utan at dette er referert.
- Alle framlegg til vedtak og endelege vedtak skal stå i hermeteikn.

Føring av møtebøker:

- Utforminga skal følgje fastsett mal i sak-/arkivsystemet.
- All saksbehandling i møtet skal førast i møteboka.
- Innstillingstekstar skal ikkje endrast etter møtet.
- Utsette saker skal ha med all tekst frå tidlegare behandling.

Saksbehandling når utvala er høyringsinstans:

Det skal leggjast fram **ei** felles sak til alle utvala, der **alle** sider er vurderte, og der det er drøfta fram ei felles innstilling frå administrasjonen/rådmannen.

Det kan gå på omgang mellom kommunalsjefane å ta hovudansvar i slike saker.

Originaldokumenta skal følgje saka.

Saker vert arkiverte på den avdelinga der det er gjort endeleg vedtak.

Daglege rutinar

Postlister i Innsyn

Drum vert køyrd kl. 07.30 på alle arbeidsdagar. Arkivansvarlege må kvalitetssikre postlister kvar dag (også laurdagar og helgedagar), og spesielt vere merksame på off./ikkje off. post, lovheimel for graderte dokument og tekst i tittelfeltet. Arkivleiar kontrollerar postlistene for alle avdelingar etter at de er lagt ut i Innsyn.

Opning, sortering og arkivavgrensing av inngående post

Posten skal opnast av arkivtenesta. Ved opning av verdipost skal det vere to tilsette til stades.

Etter at posten er opna, skal posten delast i arkivuverdig post (informasjonspost) og arkivverdig post (sakspost).

Som informasjonspost reknar vi trykksaker, offentlege publikasjonar, rundskriv, utskrifter og kopiar frå andre organ og anna mangfaldiggjort materiale som ikkje fører til saksbehandling.

Informasjonsposten skal ikkje leggjast i arkivet. Etter eventuell sirkulasjon kan vi samle den i ringpermar eller kassetar i kontorbiblioteket, fysisk skilt frå arkivet, og kasserast etter behov.

Som sakspost reknar vi post som blir gjenstand for saksbehandling (saksdokument etter offentleglova) og anna post som inneheld vesentleg dokumentasjon. Saksposten går til stempling og journalføring.

Post som skal registrerast i fagsystem skal til vanleg ikkje registrerast i Web-sak.

Rekningar, fakturaer, lønnsvedlegg og rutinemessig korrespondanse om rekneskap skal gå direkte til rette vedkommande utan journalføring.

Stempling, skanning, journalføring og distribusjon

Før registrering av posten skal følgjande vere avklart:

- Saksbehandlar
- Politisk eller administrativ behandling
- Offentlegheitsvurdering og avgjerd om lovheimel for unntatt offentlegheit
- Publisering av dokument på internett
- Kopi til annan saksbehandlar eller avdeling
- Feilsendt og eventuelt vidaresending.

Sakspost skal behandlast på følgjande måte:

1. Saksdokumenta blir stempla med journalstempel med rubrikkar for mottaksdato, emnekode eller objektkode, arkivsaksnummer, journalpostnummer, saksbehandlar og evt. stempel med heimel for unntatt offentlegheit.
2. Saksdokumenta blir klasserte etter NKS-nøkkelen eller objektcodesystem.
3. Leiar fordeler saksdokumenta til saksbehandlarane. Arkivet registrerer fordelinga i postjournalen.
4. Arkivtenesta journalfører saksdokumenta og knyter dei til eksisterande saker eller opprettar nye saker.
5. Arkivtenesta skannar dokumenta og lenkar dei til journalpost i Web-sak. Rubrikkane i journalstempelet må vere fylt ut før skanninga.
6. Arkivtenesta registrerer behandlingsfrist for dokument som går til saksbehandling. Saksbehandlar har sjølv ansvar for å følgje opp fristar.
7. Dokumenta blir i hovudsak distribuerte elektronisk til saksbehandlarane med unntak av visse saker som t.d. utvalssaker, tilsetjingssaker og saker etter plan- og bygningslova. Når det gjeld plansaker etter 01.01.2009, sjå oppgåvedeling mellom Utval for drift og utvikling og Formannskap. Jfr. kommunestyresak 109/08 i møte 10.12.2008. Sjå reglar for [registrering og arkivering av saker](#). Saksbehandlarane har elles ansvar for å hente innskanna dokument i *Innboks* og kopiar i *Kopiboks* i Web-sak. Elektroniske kopier avdelingar i mellom sendast til arkivet ved avdelinga.
8. Arkivtenesta arkiverer papirversjonane av dokumenta som er registrert og distribuert elektronisk.
9. Arkivet skal fire gonger i året ta ut restanseliste over dokumenter og saker eldre enn 3 mnd. som ikkje er arkiverte (status R) eller ferdigbehandla. (status B)

Offentleg journal og fulltekstdokumenter: godkjenning og framlegging

Arkivtenesta kan (jfr. forskrift til Off.lova § 6 og 7) dagleg leggje ut offentlig journal og fulltekstdokument. Journalen skal vere utforma slik at den gir oversyn over alle inn- og utgåande dokument. Journalen skal ikkje innehalde opplysningar som er unntatt offentlegheit. Enkelte dokument skal ikkje fulltekstpubliseras jfr. Offentleglova, Forvaltningslova samt Personopplysningslova.

Saksbehandlar eller den som har fått fullmakt til det har ansvar for kva saksdokument som skal bli unntatt frå offentlig innsyn samt fulltekstpublisering. Unntaka blir registrerte i sak-/arkivsystemet med lovheimel.

Den offentlege journalen blir lagt ut i "Innsyn" på kommunen sine heimesider. Ansvar for at ingen opplysningar eller fulltekstdokument underlagt teieplikt vert gjort tilgjengelige for innsyn via internett, ligg hjå rådmannen. Arkivtenesta skal føre særskilt kontroll med å motverke at dette skjer. Sjå [Postlister i Innsyn](#)

Utgående dokument - Journalføring og ekspedering

Saksdokument som er produserte i kommunen skal behandlast på følgjande måte:

1. Alle utgåande brev og andre eigenproduserte saksdokument, skal skrivast og journalførast i sak-/arkivsystemet eller andre system som er godkjent som arkivsystem i kommunen.
2. Alle utgåande brev skal gå som vanleg post. I hastesaker kan brevet sendast som faks eller e-post, men det offisielle brevet skal ettersendast som vanleg post.
3. Saksbehandlar kan etter autorisasjon journalføre utgåande brev og interne notat, utgreiingar og framlegg til vedtak og samstundes avskrive inngåande brev som er svara på. Nye saker skal opprettast i samarbeid med arkivtenesta. Saksbehandlar er ansvarleg for gradering av utgåande brev som inneheld opplysningar som er underlagt teieplikt. Dersom det viser seg at behandlinga av ei sak tar lenger tid enn ein månad, er saksbehandlar ansvarleg for å lage og journalføre førebels svar (forvaltningslova § 11a).
4. Arkivtenesta skal før utsending kopiere utgåande brev for arkivlegging i saksmappe i saks- eller spesialarkiv og i kopibok.
5. Arkivtenesta skal kontrollere at dei eigenproduserte saksdokumenta er korrekt journalført og ferdigstilt.
6. Dokument som er "ikkje-offentleg" skal ikkje sendast med telefaks. E-post som inneheld sensitive personopplysningar skal vere kryptert.

Saksavslutning og arkivlegging

Når ei sak er ferdig behandla, skal saksdokumenta sendast til arkivet for arkivlegging. Arkivtenesta registrerer i sak-/arkivsystemet at saka er avslutta og avskriv dokument som ikkje er avskrivne. Berre arkivpersonale skal ha tilgang til desse funksjonane i systemet. Før arkivlegging skal arkivmappa reinskast og konsept, kladdar, dublettar, arbeidsnotat, plastomslag, binders o.l. skal fjernast frå mappa. Saksbehandlar er ansvarleg for at saker som går til arkivet er reinska.

Personlege arbeidsnotat skal ikkje i arkivet. Som personlege arbeidsnotat reknar vi nedteikningar som ikkje har konsekvensar for ei sak, eller berre blir brukt som kladd til eit saksdokument. Oppbevaringa av personlege arbeidsnotat er den enkelte medarbeidaren sitt ansvar. Men når slike notat inneheld opplysningar som har konsekvensar for sakshandsaminga, skal notatet formast som eit saksdokument og arkiverast saman med saka.

Arkivet kontrollerer at alle saksdokument er på plass før saka blir arkivlagt.

Internt utlån av arkivsaker

Utlån av arkivsaker skal alltid skje gjennom arkivtenesta etter følgjande prosedyre:

1. Utlån skal registrerast i websak og på utlånskort som blir plassert på den utlånte mappa sin plass i arkivet. Når utlånt materiale blir returnert, skal arkivtenesta avskrive utlånet.
2. Utlånt materiale skal normalt leverast tilbake innan 4 veker. Når saksbehandlinga krev at utlånstida blir forlenga må arkivet få melding om dette.
3. Utlånt materiale er lånaren sitt ansvar til utlånet er avskrive. Lånaren skal sjå til at ingen dokument blir fjerna eller lagt til i ei mappe, og at ordenen i mappa ikkje blir øydelagd. Det er ikkje høve til å låne utlånt sak vidare til andre saksbehandlarar utan at arkivtenesta får melding om det. Det er ikkje høve til å ta arkivdokument med heim.

Kvalitetskontroll av elektronisk journal- og arkivsystem

Arkivtenesta skal føre kontroll med at alle saksdokument er journalførte og knytte til rett sak i sak-/arkivsystemet og dei samme dokumenta finst i det fysiske arkivet. Arkivtenesta skal føre kontroll med arkivfunksjonar som er utført av saksbehandlarar og leiarar.

Det overordna ansvaret for arkivarbeidet ligg hjå rådmannen. Jfr. arkivforskrifta § 1-1.

Til arkivering og postliste

Arkivtenesta skal jamnleg hente fram alle journalpostar med status F. Dette er utgåande brev produsert av sakshandsamar. I dei tilfelle journalposten har medført at det er oppretta ny sak, skal arkivtenesta også kontrollere saksopplysningane.

Arkivtenesta skal sjå til

- at offentlegvurdering er gjennomført, og naudsynt skjerming av avsendar/mottakar, arkivkodar, saksnummer, tittel og saksinnhald er gjort.
- at arkivkode og sakstittel er dekkande når ny sak er oppretta
- at saka er knytt til rett arkivdel
døde personar bør merkast særskilt. Dersom ein har større mengder slike mapper kan desse leggjast i eigne arkivboksar som ein eigen serie.

- Arkivmaterialet skal vere kassasjonsbehandla.
- Materialet skal reingjerast for smuss og støv, plast, plastomslag, merkelappar med lim (t.d. "post-it"), tape og binders skal fjernast.
- Dersom materiale er skada, skal ein ta kontakt med IKAH for å få råd om korleis det kan reparerast. Materialet skal vere reparert før avlevering.

Pakking og merking

Arkivmateriale som ikkje skal bindast inn, skal behandlast på følgjande måte:

- Materialet skal leggjast i arkivboksar som er godkjent av arkivdepotet.
- Materiale som ikkje kan leggjast i arkivboksar, skal pakkast på forsvarleg måte i samråd med arkivdepotet.
- Alt arkivmateriale skal vere reingjort før overføring.
- Materialet skal merkast med etikettar av arkivhaldbart papir. Etikettane skal limast på med lim som er godkjent av Riksarkivaren. [Sjå link om lim til etikettar](#)
- Etikettane skal innehalde informasjon om kommune, arkivskapar, arkivserie, innhald, ytterår og arkivstykkenummer.

Avleveringslister

Arkivdepotet har utarbeida standardiserte avleveringsskjema. Arkiv som skal avleverast skal vere registrert på desse listene på denne måten:

- Kvar arkivserie skal førast på ei eiga liste, med opplysningar om arkivskapar, arkivserie og ytterår. Listene skal vidare gi oversyn over arkivstykkane i serien, med informasjon om nummerering og innhald.
- Dersom delar av materialet er unntatt frå offentleg innsyn, skal dette gå fram av arkivlistene.
- Personregistermappene skal registrerast i avleveringslister, som skal vere identisk med innhaldet i boksane. Mappene treng ikkje ligge alfabetisk. Denne skal gje oversyn over kva mapper som ligg i kvar einskild arkivboks. Listeføring skal skje i Word/ Excel, og lagra på eit høveleg medium (cd/ minnepenn) og skal enten bli levert IKAH før deponering eller følgje med når arkivet vert deponert til IKAH. Kontroller nøye at avleveringslistene samsvarer med innhaldet i arkivboksane.
- Avleveringslistene er grunnlaget for den bestandsoversikten som IKAH til ein kvar tid skal ha over materialet som oppbevarast hjå IKAH.

Gjennomføring og godkjenning

Arkivleiar samordnar arbeidet med å klargjere arkivmateriale frå ulike avdelingar/einingar for avlevering. Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa av avleveringa og dekker kostnadane. Kommunen får ein kvittering frå IKAH når materialet er avlevert til depotet.

Materiale som ikkje er ordna etter dei retningsliner som er beskreve over kan bli nekta godkjent for

avlevering til IKAH sitt depot. Materialet må i så fall tilbake til kommunen for ny ordning og merking for kommunen sin rekning. Ta derfor kontakt på førehand dersom noko er uklart med omsyn til avleveringa.

Avlevering av elektronisk materiale

Virkeområde

Retningslinene gjeld for kommunar som skal deponere eller avlevere elektronisk arkivmateriale til Interkommunalt arkiv for Hordaland (IKAH).

Retningslinene omfattar elektroniske journal- og arkivsystem, fagsystem og alle andre elektroniske forvaltningssystem som inneheld informasjon som skal takast vare på med heimel i arkivlova.

Heimelsgrunnlag

- Lov om arkiv av 04.12.92 med forskrifter; forskrift av 11.12.98 nr. 1193 (arkivforskriften) og forskrift av 01.12.99 nr. 1566.
- "Normalinstruks for arkivdepot i kommuner og fylkeskommuner" av 01.06.2002
- "Bestemmelser om elektronisk arkivmateriale som avleveres eller overføres som depositum til Arkivverket" (forskr. nr. 1566, kap. VIII).

Føremål

Føremålet med deponering av elektronisk arkivmateriale er å ivareta verdifull dokumentasjon på ein slik måte at den kan vere tilgjengeleg i uoverskueleg framtid. For å kunne gjere dette må dataene trekkjast ut av den opprinnelege databasen, konverterast til eit godkjent format, kvalitetssikrast og lagrast på eit godkjent lagringsmedium.

Føresetnader for å overføre elektronisk arkivmateriale til IKAH. Deponering og avlevering

Desse retningslinene gjeld både avlevering og deponering av elektronisk arkivmateriale. Avlevering inneber at IKAH tek over ansvar for alt vidare teknisk vedlikehald og dei tekniske konverteringane som seinare kan vere naudsynte. Når arkivmaterialet vert deponert har IKAH ansvar for vedlikehald og konverteringar av ein kopi av materialet. Denne vert bevart utilgjengelig for bruk. Det arkivskapande organet har framleis det fulle og heile ansvaret for data i det opprinnelege systemet og må vedlikehalde informasjonen og eigne brukarar inntil den formelle avleveringa har skjedd. Eit organ som deponerer elektronisk arkivmateriale, kan difor ikkje slette arkivdata i det opprinnelege systemet.

Tidspunkt for avlevering

Avlevering til IKAH skal normalt skje når arkivmaterialet er 25-30 år gammalt, jfr. arkivforskrifta § 5-2. IKAH kan saman med rådmannen fastsette andre tidspunkt for avlevering.

Frå elektroniske journal-/arkivsystem skal det gjerast arkivuttrekk straks ein arkivperiode er avslutta, jfr. arkivforskrifta § 3-17. Avlevering skal skje som deponering eller ordinær avlevering etter nærare avtale.

Eventuelle tilknytte elektroniske dokument skal følgje ved deponeringa.

Tilhøyrande dokument på papir skal følgje som ledd i den ordinære avleveringa. Frå elektroniske fagsystem skal arkivuttrekk deponerast eller avleverast når det er fare for at informasjonen går tapt,

t.d. ved overskriving eller konvertering. Dersom et system går ut av administrativ bruk uten at datainnhaldet vert konvertert til eit nytt system, eller dersom eit organ vert lagt ned eller opphøyrer, skal det gjerast ei samla avlevering, jfr. arkivforskriften § 5-3. Register og system som er underlagd konsesjon frå Datatilsynet, skal avleverast når konsesjonen opphøyrer. Dette gjeld også register eller system der konsesjonen inneheld føresegner om sletting. Arkivmaterialet som er overført IKAH som depositum skiftar status til avlevering på det fastsette avleveringstidspunktet eller etter nærare avtale.

Tilbakelån

Avlevert eller deponert elektronisk arkivmateriale vil ikkje bli distribuert som ordinære utlån, men som kopiar av det avleverte materiale eller som applikasjonar eller nettbaserte formidlingstenester.

Framgangsmåte ved avlevering og deponering Framstilling av arkivversjon Ved deponering skal deponerende organ foreta eit uttrekk av bevaringsverdige data frå tabellene i databasen, og konvertere desse til eit filformat som er godkjent for langtidslagring. Deretter skal den nye versjonen lagrast på godkjent lagringsmedium.

Dokumentasjon som skal følgje deponeringa For at uttrekket skal kunne nyttast må følgjande dokumentasjon følgje med, i den grad den eksisterer.

- Ei beskriving av datauttrekket sin struktur og innhald (metadata)
- Systemdokumentasjon for beskrivelse av det opprinnelege systemet
- Brukerdokumentasjon som beskriv den administrative bruken av systemet
- Dokumentasjon med informasjon om selve deponeringa

Arkivmedium

Elektronisk arkivmateriale som deponeres hjå IKAH skal vere lagra på eit av Riksarkivaren sine godkjente arkivmedium. Ta kontakt med IKAH for meir informasjon.

Kvart arkivmedium skal deponerast i to identiske eksemplar.

Dersom arkivskapande organ ønskjer å deponere elektronisk arkivmateriale på eit anna medium enn det som til eikvar tid er standard, må dette godkjennast av IKAH på førehand.

IKAH sine plikter

Testing og kontroll

IKAH skal teste og kontrollere alle elektroniske arkiv som deponerast.

Dersom det oppdagast feil eller mangler ved deponeringen plikter IKAH å melde fra til arkivskapande organ slik at et nytt uttrekk kan gjerast.

Vedlikehald

IKAH har ansvar for vedlikehald og naudsynte konverteringar i depot.

Betjening

IKAH har ansvar for tilgjengeleggjering av deponerte elektroniske arkiver.

Reglement for utlån av avlevert arkivmateriale

Generelt

Dersom det er nødvendig med omsyn til saksbehandling e.l., kan kommunen låne tilbake arkivmateriale som er avlevert. Ved slikt tilbakelån skal desse reglane følgjast.

- Kommunen skal peike ut ein eller fleire personar (vanlegvis ved kvar eining som avleverar personmapper eller ved sentralarkivet/fellestenesta) som er autoriserte til å rekvirere og motta tilbakelån av originalt arkivmateriale, også personmapper. IKAH skal få melding om kven dette er og om evt. endringar.
- Låneperioden ved utlån skal ikkje vare lenger enn nødvendig med omsyn til bruken av materialet. Vanleg utlånsfrist er fire veker.
- Tilbakelånt materiale skal ikkje blandast saman med anna arkivmateriale hos lånaren.
- Tilbakelånt materiale kan ikkje lånast vidare utan godkjenning av arkivdepotet.
- Tilbakelånt materiale skal sikrast like godt som i arkivdepotet, jfr. § 4 i arkivforskrifta. Dersom dette ikkje er mogleg, kan materialet kopierast eller gjerast tilgjengeleg for bruk i arkivdepotet.
- Elektronisk materiale kan ikkje lånast tilbake. I staden kan det lagast kopiar av slikt materiale.
- Arkivdepotet skal dokumentere utlån og tilbakelevering av arkivmateriale.

Tilbakelån av personregistermateriale

Tilgang til avleverte personmapper skal skje i samsvar med Personopplysningslova.

I tillegg til punktene over om tilbakelån av arkivmateriale frå arkivdepot, gjeld følgjande reglar for tilbakelån av personmapper:

- Personopplysningar som er tilbakeført til kommunen fordi ein tidlegare klient har gått inn i eit fornya klientforhold, vil vanlegvis gå inn som dokumentasjon i den aktive klientmappa saman med det nye materialet. I slike tilfelle skal ein ikkje sende materialet tilbake til Interkommunalt arkiv. IKAH må få melding når ei tilbakeføring på denne måten blir fast.
- Personmapper som ein berre brukar midlertidig og ikkje i eit fornya klientforhold, skal behandlast som eit utlån frå det avleverte arkivet hos IKAH og skal returnerast til IKAH etter bruk. For slike utlån vil det vanlegvis bli sett eit frist på fire veker.

Innsyn i personmapper

IKAH gir normalt ikkje den registrerte direkte innsyn i personregistermateriale. Vedkomande vender seg til kommunen (evt. ved aktuell avdeling/eining) som så rekvirerer mappa frå IKAH, og gir innsyn til den registrerte etter gjeldande reglar. IKAH ekspederer mappa så snart som mogeleg, normalt innan 4-5 virkedagar.

Eventuelt avslag om innsyn blir primært eit forhold som må avklarast mellom vedkomande person, behandlingsansvarleg i kommunen/eininga og Datatilsynet.

Depotordning

Organisering av depot i Meland kommune

Virkeområde

Kommunen er etter § 5-1 i arkivforskrifta forplikta til å opprette eige arkivdepot eller delta i eit interkommunalt depotsamarbeid.

Meland kommune har vedtatt følgjande ordning for avlevering og handtering av avslutta arkivmateriale i depot:

Kommunen har med heimel i Forskrift om offentlege arkiv § 5-1 og IKAH sin selskapsavtale § 4, pkt 3 gjort vedtak om overføring av depotoppgåver til Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (IKAH). Vedtaket gjeld både papirarkiv og elektronisk arkiv.

Ved avlevering til depot hos IKAH blir ansvaret for forvaltninga av det avleverte arkivmaterialet overført til IKAH.

Kommunen har fortsatt eigedomsretten til arkivet og det overordna ansvaret for at arkivet blir bevart i samsvar med arkivlova § 6. Kommunen v/rådmannen, eller den som er delegert ansvaret, er og behandlingsansvarleg etter Lov om personopplysningar for kommunen sine personregistre. IKAH er å rekne som ein ekstern databehandlar.

Arkivdepotet sine oppgåver

Arkivdepotet har følgjande oppgåver:

1. Å ta i mot overføringar av eldre og avslutta arkiv.
2. Å gi arkiva trygg oppbevaring.
3. Å føre fortløpande register over mottekne arkiv.
4. Å utarbeide katalogar over arkiva.
5. Å syte for at kommunale einingar kan låne tilbake eller få kopi av arkivsaker dei har avlevert.
6. Gje publikum innsyn i arkiva i samsvar med gjeldande regelverk for innsyn i offentlege arkiv.
7. Utarbeide spesielle formidlingstiltak retta mot lokalsamfunnet.

Depotansvarleg er leiar for kommunen sitt arkivdepot. Depotansvarleg har rett og plikt til:

1. Å rapportere til administrasjonssjefen om verksemda til arkivdepotet og leggje fram framlegg om tiltak som skal heve kvaliteten på arbeidet.
2. Å utarbeide verksemdsplanar for arkivdepotet.
3. Å gi nødvendig rettleiing til dei arkivskapande einingane som skal avlevere til depotet.
4. Å føre kontinuerleg kontroll med klima og andre oppbevaringsforhold i arkivlokala.
5. Å gi rettleiing til publikum og ekspedere førespurnader om innsyn i arkiv.

Depotavtale

Depotavtale for elektronisk arkiv

Avtale om overføring av depotoppgåver

Denne avtalen gjeld for overføring av depotoppgåver og er inngått mellom Meland kommune og Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS. Avtalen gjeld for elektronisk arkiv.

1. Overføring av depotoppgåver

Kommunen har med heimel i Forskrift om offentlege arkiv § 5-1 og IKAH sin selskapsavtale § 4, pkt 3 gjort vedtak om overføring av depotoppgåver til Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (IKAH).

Ved avlevering til depot hos IKAH blir ansvaret for forvaltninga av det avleverte arkivmaterialet overført til IKAH.

Kommunen har fortsatt eigedomsretten til arkivet og det overordna ansvaret for at arkivet blir bevart i samsvar med arkivlova § 6. Kommunen v/rådmannen, eller den som er delegert ansvaret, er og behandlingsansvarleg etter Lov om personopplysningar for kommunen sine personregistre. IKAH er å rekne som ein ekstern databehandlar.

2. Kommunen sine oppgåver

Kommunen er ansvarleg for at:

- Eldre og avslutta arkivmateriale blir avlevert til depot hos IKAH når det er 25-30 år gammalt (jfr. Arkivforskrifta § 5.2).
- Avslutta arkiv etter nedlagte avdelingar/einingar i kommunen skal avleverast til depotet straks med mindre dei blir overførte til ei anna kommunal eining (jfr. Arkivforskrifta § 5-3).
- **Personregistermateriale som i lista nedanfor skal avleverast til depotet etter 10 år:**
- Mapper på barnehagebarn etter Opplæringslova
- Elevmapper frå skule etter Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)
- Klientmapper frå PPT
- Barnevernsmapper etter Lov om barneverntenester (Barnevernlova)
- Klientmapper etter Lov om sosiale tenester i NAV (Sosialtenestelova)
- Klientmapper frå flyktningekontor
- Pleie- og omsorgsarkiv (brukarmapper) etter Lov om sosiale tenester i NAV (Sosialtenestelova)
- Pasientjournalar og helsekort frå Kommunehelsetenesta
- Elektronisk arkivmateriale skal avleverast i samsvar med eige reglement for handtering av denne typen materiale.
- Arkivmateriale skal avleverast samla for heile kommunen, normalt kvart 4. år.
- Arkiv som skal avleverast skal vere behandla i samsvar med IKAH og kommunen sine

avleveringsreglar (jfr. Arkivforskrifta § 5-12) som bygger på føresegnene i Arkivforskrifta § 5-4 og Riksarkivarens Normalinstruks for arkivdepot i kommuner og fylkeskommuner.

- Kommunen skal peike ut ein eller fleire personar som er autoriserte til å rekvirere og motta tilbakeslå av arkivmateriale. IKAH skal få melding om kven dette er og om evt. endringar i desse personane.

3. IKAH sine oppgåver:

- Det avleverte arkivmateriale skal oppbevarast og sikrast i arkivlokale som tilfredsstillar krava i Arkivforskrifta §§ 4-1 - 4-9.
- Føre eit oppdatert register over arkivbestand og tilvekst (jfr. Arkivforskrifta § 5-5).
- Gi kommunen rettleiing i behandling av arkivmateriale før avlevering.
- Ta i mot arkivmateriale som skal avlevast, godkjenne avleveringa og gi kommunen kvittering for avlevert materiale.
- La kommunen få låne tilbake arkivmateriale i samsvar med IKAH og kommunen sine reglar for tilbakeslå (jfr. Arkivforskrifta § 5-12).
- Gi publikum tilgang til arkivmateriale som er avlevert i tråd med gjeldande regelverk om offentlegheit, innsynsrett og personvern.
- Publisere arkivlister for kommunen sine arkiver på IKAH sine heimesider på Internett.

4. Deponeringsavgift

Deponeringsavgifta for papirarkiv er på kr 250,- pr hyllemeter pr år. Avgifta er vedtatt av IKAH sitt representantskap og kan endrast av representantskapet.

Kommunen betaler for frakt av arkivmateriale (avleveringar) til IKAH sitt depot. IKAH betaler for frakt av utlånte arkivstykke/kopier til kommunen, kommunen betaler returfrakt.

Deponeringsavgifta for elektronisk arkiv er på kr. 23 499,- pr. år

Beløpet vert fakturert frå IKAH og skal betalast til IKAH ein gong årleg.

5. Gyldigheit og oppseiing

Denne avtalen gjeld frå 1.1.2005 og inntil vidare. Avtalen kan seiast opp av ein av partane med ei oppseiingstid på eitt (1) år.

Dato:

Meland kommune

Helge Thorsen
Rådmann

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Jan Tore Helle
Arkivsjef

Depotavtale for papirarkiv

[Depotavtale papirarkiv.pdf](#) 358,72 kB

Depot - nettside Meland kommune

Nasjonalbiblioteket haustar regelmessig inn norske nettstader, ein gong pr. time og ned til nivå 3 i oppsettet. For meir informasjon sjå

- [Nasjonalbiblioteket](#)
- [Nettarkivet](#)

Historikk

Avlevering av elektronisk arkivmateriale

Virkeområde

Retningslinene gjeld for kommunar som skal avlevere elektronisk arkivmateriale til Interkommunalt arkiv for Hordaland (IKAH).

Retningslinene omfattar elektroniske journal- og arkivsystem, fagsystem og alle andre elektroniske forvaltningssystem som inneheld informasjon som skal bevarast med heimel i arkivlova.

Heimelsgrunnlag

- Lov om arkiv av 04.12.92 med forskrifter; forskrift av 11.12.98 nr. 1193 (arkivforskriften) og forskrift av 01.12.99 nr. 1566.
- "Normalinstruks for arkivdepot i kommuner og fylkeskommuner" av 01.06.2002
- "Bestemmelser om elektronisk arkivmateriale som avleveres eller overføres som depositum til Arkivverket" (forskr. nr. 1566, kap. VIII).

Retningslinene omfattar :

- [Generelle føresetnader for å overføre elektronisk arkivmateriale til IKAH](#)
- [Framgangsmåte ved avlevering og deponering](#)
- [Krav til dokumentasjon som skal følgje den avleverte informasjonen](#)
- [Filorganisasjon, filnamn og filplassering på arkivmediet. Dokumentasjon. Merking av arkivmediet.](#)

Føresetnader for å overføre elektronisk arkivmateriale til IKAH

Deponering og avlevering

Desse retningslinene gjeld både avlevering og deponering av elektronisk arkivmateriale. Avlevering inneber at IKAH overtar ansvar for alt vidare teknisk vedlikehald og dei tekniske konverteringane som seinare kan vere nødvendige. Når arkivmaterialet vert deponert har IKAH ansvar for vedlikehald og konverteringar av ein kopi av materialet. Denne vert bevart utilgjengelig for bruk. Det arkivskapande organet har framleis det fulle og heile ansvaret for data i det opprinnelege systemet og må vedlikehalde informasjonen og eigne brukarar inntil den formelle avleveringen har skjedd. Eit organ som deponerer elektronisk arkivmateriale, kan difor ikkje slette arkivdata i det opprinnelege systemet.

Tidspunkt for avlevering

Avlevering til IKAH skal normalt skje når arkivmaterialet er 25-30 år gammalt, jfr. arkivforskrifta § 5-2. IKAH kan saman med administrasjonssjefen fastsette andre tidspunkt for avlevering.

Frå elektroniske journal-/arkivsystem skal det gjerast arkivuttrekk straks ein arkivperiode er avslutta, jfr. arkivforskrifta § 3-17. Avlevering skal skje som deponering eller ordinær avlevering etter nærmare avtale.

Eventuelle tilknyttede elektroniske dokument skal følgje ved deponeringa. Tilhøyrande dokument på papir skal følgje som ledd i den ordinære avleveringa.

Frå elektroniske fagsystem skal arkivuttrekk deponerast eller avleverast når det er fare for at informasjonen går tapt, t.d. ved overskriving eller konvertering.

Dersom et system går ut av administrativ bruk uten at datainnhaldet vert konvertert til eit nytt system, eller dersom eit organ vert lagt ned eller opphøyrer, skal det gjerast ei samla avlevering, jfr. arkivforskriften § 5-3.

Register og system som er underlagt konsesjon frå Datatilsynet, skal avleveres når konsesjonen opphøyrer. Dette gjeld også register eller system der konsesjonen inneheld føresegner om sletting.

Arkivmaterialet som er overført IKAH som depositum skiftar status til avlevering på det fastsette avleveringstidspunktet eller etter nærmare avtale

Tilbake lån

Avlevert eller deponert elektronisk arkivmateriale vil ikkje bli distribuert som ordinære utlån, men som kopiar av det avleverte materiale eller som applikasjonar eller nettbaserte formidlingstenester

Framgangsmåte ved avlevering og deponering

Uttrekk og avlevering

Ved avlevering eller deponering skal det gjerast eit definerte uttrekk frå den strukturerte informasjonen, t.d. tabellane i systemet. Uttrekket skal konverterast til eit format godkjent for lagring i depot. Eventuelle ustrukturert informasjon som t.d. tilknyttede elektroniske dokument, skal også være konvertert til format godkjende for langtidslagring.

Med arkivversjonen skal det følgje elektronisk dokumentasjon med oversikt over struktur og innhald for datauttrekket.

Det organet som avleverer materialet, må ikkje slette data i det opprinnelege systemet før avleveringa er godkjend av IKAH.

Overføring av arkivmateriale skal skje etter avtale med IKAH. Det arkivskapande organ er ansvarleg for gjennomføring av eit arkivuttrekk. Ved overføring gjer IKAH ein godkjenningstest av datauttrekket mot den medfølgjande struktur- og innhaldsdokumentasjonen. Etter godkjenning skal IKAH kvittere for det mottatte materialet. IKAH er ikkje pålagt å ta imot avleveringa dersom materialet ikkje er handtert etter desse retningslinjene.

Fysisk arkivmedium

Som lagringsmedium (arkivmedium) ved avlevering av elektronisk materiale skal det nyttast CD-R

(Compact Disc Recordable). Denne skal brennast i ei enkelt vending ("single session") etter ISO 9660. Det skal avleveres to kopiar av materialet, og desse skal vere lagra på kvar sine lagringseiningar.

Sjå meir om dette under [Filorganisasjon og merking](#)

Datauttrekk frå register og databasar

Postar som skal bevarast frå register og databasar skal trekkast ut og overførast i sekvensielle tekstfiler ("flate filer") i rein tekst etter standarden ISO 8859-1, Latin 1. Kvar tabell i ein relasjonsdatabase skal takast ut som ei fil. Frå andre typar databasar skal kvar fil berre omfatte ein enkelt posttype. Relasjonar mellom dei avleverte tabellane frå opprinnelege databasen skal spesifiserast i den medfølgjande dokumentasjonen.

Uttrekk fra eldre system må takast ut i ein normalisert, relasjonell form. Fra eldre nettverksdatabasar og hierarkiske databaser skal data takast ut på følgjande måte:

- fysiske pekere skal gjerast om til unike logiske nøklar (primærnøklar og fremmednøklar), og kvar posttype skal eksporterast til ei enkelt sekvensiell fil
- repeterande grupper (dvs. at eitt eller fleire felt er repetert fleire gonger innanfor ein post) skal skilles ut frå den opprinnelege fila og leggst ut som eigne postar i ei ny sekvensiell fil med tilhøyrande nøklar.

IKAH tilrår at uttrekk vert gjort enten

- med tagging av felt i etter XML-standard.
- eller med variabel feltlengde med faste skilleteikn mellom felt og postar.
Postskilleteiknet skal være "carriage return" etterfølgd av "line feed" (CRLF), og feltskilleteiknet skal være semikolon

Ved konvertering til "rein tekst" etter standarden ISO 8859-1, Latin 1, skal formaterte datatypar i den opprinnelege databasen leggst ut slik:

- Negative heiltal og desimaltal skal leggst ut med eit minusteikn før første siffer.
- Positive tal skal normalt ikke representerast med plussteikn
- Desimaltal skal leggst ut med komma som desimalskilleteikn
- Dato skal leggst ut som ÅÅÅMMDD (ISO 8601)

Elektroniske dokument

Elektroniske dokument som er tilknytt datauttrekket, skal vere lagra i eit eller fleire av følgjande dokumentformat

- Rein tekst - ISO 8859-1:1998, Latin- 1
- TIFF - Tag Image File Format, alternativt som:
 - 1) TIFF, versjon 6 (Aldus/Adobe, 1992), baseline, som "multiple page" eller "single page", eller:
 - 2) ISO-versjonen TIFF/IT - ISO 12639: 1998.
- PDF - Portable Document Format

TIFF-dokument skal ikkje innehalde eigendefinerte tag'er. Binær representasjon av tekst skal ikkje være nytta i PDF-filer.

For TIFF- og PDF-dokumenta vert det ikkje akseptert komprimering etter CCITT gruppe 4 for dokument i svart/kvitt og LZW for dokument med fargar/gråtonar.

Elektroniske dokument kan vere påført digitale signaturar basert på offentleg nøkkeltkryptografi, helst etter mønster av Noark-4, kap. 10.2.

Elektroniske dokument skal overførast ukryptert med mindre det er gjort særskild avtale om kryptering. En slik avtale må inkludere reglar om disponering av nøklar for dekryptering.

Kvart elektronisk dokument skal leggest ut som ei separat fil og overførast saman med tabelluttrekket frå databasen. For å oppretthalde dokumenta si knyting til overordna register skal tabelluttrekket innehalde referanse til filnamn for kvart enkelt dokument. Dersom eit dokument består av meir enn ei fil, skal filene samlast i ein eigen underkatalog. Hvis fil/katalognamn vert endra ved eksport, må endringane endrast tilsvarande i filreferansane.

For godkjente Noark-4-system gjeld eigne føresegner.

Noark- og Koark-system

Etter arkivforskrifta § 3-17 skal uttrekk frå elektroniske journalar, inkludert eventuelle tilknytte elektroniske dokument, deponerast når ein journal- eller arkivperiode er avslutta.

Dersom uttrekket er produsert av eit system basert på Noark-3 (1994) eller Koark (1995) som er godkjend av Riksarkivaren, vert det ikkje kravd annan medfølgjande dokumentasjon enn filene med informasjon om sjølve avleveringa eller deponeringa. Dersom uttrekket er produsert av eit system basert på Noark-4 (1999) som er godkjend av Riksarkivaren, skal det også følgje med spesifikk dokumentasjon frå systemleverandøren som forklarar kva delar av Noark-4 som er inkludert i systemet.

Periodiske uttrekk frå Noark-system

Journalopplysningane skal eksporterast frå databasen som tabelluttrekk frå heile arkivperiodar. Uttrekket skal omfatte:

- alle saker som vart avslutta i perioden med samtlege journalposter i desse sakene
- eventuelle elektroniske saksdokument som er knytt til journalpostane

Uttrekk basert på Noark-3 og Koark skal omfatte alle avslutta saker frå ein journalperiode.

Uttrekk basert på Noark-4 skal omfatte ein eller fleire avslutta heile arkivdelar.

Ved avlevering og deponering skal tilknytte elektroniske saksdokument overførast saman med uttrekket frå tabellane i Noark-systemet, også når dei elektroniske dokumenta berre utgjer ein del av saksarkivet. Den del av saksarkivet som består av dokument på papir, skal først følgje som ledd i den ordinære avleveringa når materialet er ca. 25-30 år gammalt.

Avleveringsformat for tabelluttrekk

Uttrekk basert på Noark-3 og Koark skal gjerast etter spesifikasjonane i Noark-3 (1994), kapittel 15.5.1, alternativ 1. Mediet skal vere CD-R og ikkje magnetband.

Uttrekk basert på Noark-4 vert produsert i det avleveringsformat som er spesifisert i Noark-4, kap. 15.3 - med eventuelle seinare tilleggsspesifikasjoner frå Riksarkivaren.

Format for attributta, fordeling på tabellar og dei spesifikke attributt- og tabellnamn som er brukt i Noark-4, er obligatoriske ved eksport av data for avlevering og deponering. Avleveringsuttrekk frå Noark-4-systemer som eventuelt bruker en annen intern struktur eller avvikande tabell- og attributtnamn, må vere konvertert til dette formatet.

Uttrekk frå tabellen DOKVERSJON skal innehalde referansar til filnamn for samtlege medfølgande elektroniske dokument.

Rapportar

Rapportane som skal avleverast eller deponerast saman med tabelluttrekk frå Noark-3- og Koark-baserte system er:

- Endeleg saksordna utskrift (jf. Noark-3, kap. 14.3.4).
- Endeleg kronologisk journalutskrift (jf. Noark-3, kap. 14.3.1). For å omfatte alle journalpostar registrert i perioden, må denne produserast før avslutta saker vert skilde frå den aktive databasen ved periodesaning.

Rapportene som skal følgje tabelluttrekk frå Noark-4-baserte system er:

- Saks- og dokumentoversikt (jf. Noark-4, kap. 11.4.4).
- Journal (jf. Noark-4, kap. 11.3.2).

I tillegg skal desse rapportane følgje med ved avlevering og deponering:

- Avleveringsliste (Liste for bortsetting, avlevering og overføring i Noark-4). Den skal takast ut i elektronisk form når ein arkivperiode (eller arkivdel i Noark-4) er avslutta, og skal følgje det papirbaserte arkivet når dette vert avlevert på vanleg måte
- Arkivoversikt (bare for Noark-4, og bare i dei tilfelle ei avlevering eller deponering omfattar data frå fleire arkivdelar)
- Avgraderingsliste i dei tilfelle denne funksjonen er nytta
- Kassasjonsliste berre for Noark-4-system i dei tilfelle denne funksjonen er nytta.

Tilleggsrapportane kan anten overførast som tabelluttrekk eller som elektroniske dokument

Krav til dokumentasjon som skal følgje med

Struktur- og innhaldsforklaring

For seinare bruk av materialet skal det følgje med ein fullstendig struktur- og innhaldsforklaring. Følgende opplysninger skal vere med:

- Forklaring over alle tabeller eller posttyper i uttrekket med ei kort skildring av innhaldet, der ein dokumenterer relasjonr, primærnøklar og framandnøklar
- Feltforklaring for samtlege felt i samtlege tabeller eller posttyper, der feltnamn (eventuelt spesifisering av innhaldet hvis det ikkje framgår av feltnamnet), feltype og startposisjon vert spesifisert.
- Kodelister med fullstendig forklaring på samtlege kodar som vert nytta. Dersom systemet lagrar

kodene i egne helpetabeller, skal disse avleveres som egne filer.

Struktur- og innholdsforklaringa skal ha format rein tekst (ISO 8859-1 Latin-1) og nytte XML-syntaks. Når forklaringa er utforma i XML skal den vere basert på syntaksreglene i ADDMML som er ein eigen DTD (Document Type Definition) utforma av Riksarkivaren.

Som eit hjelpemiddel for arkivskaparar distribuerer Riksarkivaren eit eige program (Arkadukt) for å framstille ein XML-basert metadokumentasjon etter ADDMML.

For å dokumentere søk og uttrekksmetodar som vart nytta i det opprinnelege systemet, kan SQL-spørringar frå systemet følgje med som dokumentasjon. Desse skal kodast etter SQL-92 (ISO 9075 1992), og vere tilpassa avleveringsuttrekket. SQL-setningane skal inngå i struktur- og innholdsforklaringa dersom denne er utforma i XML.

For godkjente Noark- og Koark-systemer gjeld egne føresegner

Annan medfølgjande dokumentasjon

Det skal leggst ved systemdokumentasjon for det opprinnelege systemet.

Dokumentasjonen bør minst omfatte:

- eit oversyn over systemet si overordna struktur med relasjonar mellom tabellane og felt som er primærnøklar
- ei forklaring på hovudfunksjonane i systemet
- ei forklaring på føremål og bruk av systemet, den administrative samanheng det inngår i, og eventuell heimel for å opprette systemet
- system- og driftshandbøker
- eventuelle brukarhandbøker med forklaring av m.a. skjærmbilde og rapportar

Overordna opplysningar

Det skal leggst ved følgjande overordna opplysningar om avleveringa:

- arkivskaparen sitt namn
- namn på systemet som det avleverte uttrekket kjem frå
- tidsrommet som uttrekket dekker
- tal på lagringseiningar som inngår i avleveringa
- namn på person som står ansvarlig for avlevering

Filorganisasjon, filnamn og filplassering på arkivmediet. Dokumentasjon. Merking av arkivmediet.

Fil- og katalogstruktur

Fil- og katalogstrukturen på arkivmediet skal følge ISO 9660: 1988, Level 1. Fil- og katalognamn skal bestå av inntil 8 tegn med dei avgrensingar som ISO 9660 fastset mot. gyldige teikn. Filnamn kan ha 3 teikn « extension ».

Medfølgjande elektroniske dokument skal organiseres i filer og kataloger etter ISO 9660 Level 1.

Alternativt kan fil- og katalogstruktur følge Microsofts Joliet-standard, som vert akseptert som ein utvida ISO 9660-spesifikasjon i Noark-4 (jf. Noark-4, kapittel 5.4) for å gjere det mogeleg å handtere fil- og katalognamn med større lengd enn 8 teikn.

Filnamn og filplassering på arkivmediet

Dersom ein arkivversjon består av meir enn ein CD-R, skal det opprettast ein katalog med eit entydig namn under rota på kvar CD-R, td. ARKIV1, ARKIV2 osv.

På rotnivå på første CD-R skal det lagrast ei fil i rent tekstformat (ISO 8859-1) med namn INFO.TXT (link). Fila skal innehalde overordna informasjon om arkivversjonen, m.a. namnet på arkivskaparen, datasystemet som uttrekket kjem frå, samt tidsrommet som uttrekket dekkjer. Fila skal også innehalde ei oversikt over alle CD-R som inngår i avleveringa, både originalar (A-versjoner) og kopier (B-versjoner). Namnet på den eller dei som har vore ansvarlege for produksjonen av arkivversjonen, skal også takast med.

Under kvar rotkatalog på kvar CD-R skal det finnast ei fil i reint tekstformat kalt INNHOLD.TXT.(link) Fila skal innehalde overordna informasjon om arkivversjonen, m.a. namnet på arkivskaparen, datasystemet som uttrekket kjem frå, samt tidsrommet som uttrekket dekkjer. Fila skal også innehalde ein oversikt over alle CD-R som inngår i avleveringa, både originalar (A-versjoner) og kopiar (B-versjoner). Namnet på den eller dei som har vore ansvarlege for produksjonen av arkivversjonen, skal også takast med.

Struktur- og innhaldsforklaringa skal ha namnet METADATA.XML.

Filene som inneheld tabelluttrekka skal ha eintydige namn med extension DAT. Filnamnene bør gjenspegle namnet på dei tabellar som uttrekka er henta frå. Dersom ei fil er for stor til å få plass på ein CD-R, kan den delast. Extension skal då vere 001, 002, 003 osv., mens filnamnet er det same. Delinga må ikkje medføre at ein post vert splitta i to delar.

Dersom systemdokumentasjonen og den administrative dokumentasjonen vert avlevert i elektronisk form, skal filene samlast under ein katalog kalla SYSDOK. Den vidare katalog- og filstruktur skal beskrivast i fila INNHOLD.TXT. Extension skal opplyse om filformatet, td. TXT, PDF eller TIF.

Elektroniske dokument skal ligge under ein katalog kalla DOKUMENT. Filene som inneheld dokumenta skal ha entydige namn, og extension skal opplyse om formatet (TXT, PDF eller TIF). Dersom eit enkelt dokument utgjer fleire filer (f.eks. med tilknytte grafikkfiler), skal desse samlast i ein katalog med eit entydig namn. Fil- og katalognamna må samsvare med dei aktuelle referansane i tabelluttrekka. Dokumentfilene eller dokumentkatalogane kan strukturast i fleire underkataloger under DOKUMENT, og dette skal dokumenterast i fila INNHOLD.TXT. Det vert tilrådd at talet på dokument under ein katalog ikkje overstig 5000.

Dokument som utgjer ei elektronisk kopibok lagres under ein katalog kalla KOPIBOK. Prinsippet for namngjeving av filene skal vere dokumentert i fila INNHOLD.TXT. Dersom det finns eigne tabelluttrekk med referanse til dokumenta i kopiboka, skal dette dokumenterast i INFO.TXT.

Rapportar (elektroniske utskrifter) frå datasystemet skal lagrast under ein katalog med namnet RAPPORT. Utskriftene skal ha eintydig namn, og extension skal opplyse om formatet.

Merking av arkivmediet

Kvart arkivmedium skal merkast med namnet på rotkatalogen (ARKIV1 osv.). Det originale arkivmediet skal merkast A, medan kopien skal merkast B. Både sjølve arkivmediet og den lukka plastkassetten som det vert oppbevart i skal merkast. Plastkassetten skal ha pålimt, merka etikett. CD-R-platen skal merkast med vannløyseleg tusj.

Depotavtale for elektronisk arkiv

Avtale om overføring av depotoppgåver

Denne avtalen gjeld for overføring av depotoppgåver og er inngått mellom Meland kommune og Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS. Avtalen gjeld for elektronisk arkiv.

1. Overføring av depotoppgåver

Kommunen har med heimel i Forskrift om offentlege arkiv § 5-1 og IKAH sin selskapsavtale § 4, pkt 3 gjort vedtak om overføring av depotoppgåver til Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (IKAH).

Ved avlevering til depot hos IKAH blir ansvaret for forvaltninga av det avleverte arkivmaterialet overført til IKAH.

Kommunen har fortsatt eigeomsretten til arkivet og det overordna ansvaret for at arkivet blir bevart i samsvar med arkivlova § 6. Kommunen v/rådmannen, eller den som er delegert ansvaret, er og behandlingsansvarleg etter Lov om personopplysningar for kommunen sine personregistre. IKAH er å rekne som ein ekstern databehandlar.

2. Kommunen sine oppgåver

Kommunen er ansvarleg for at:

- Eldre og avslutta arkivmateriale blir avlevert til depot hos IKAH når det er 25-30 år gammalt (jfr. Arkivforskrifta § 5.2).
- Avslutta arkiv etter nedlagte avdelingar/einingar i kommunen skal avleverast til depotet straks med mindre dei blir overførte til ei anna kommunal eining (jfr. Arkivforskrifta § 5-3).
- **Personregistermateriale som i lista nedanfor skal avleverast til depotet etter 10 år:**
- Mapper på barnehagebarn etter Opplæringslova
- Elevmapper frå skule etter Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)
- Klientmapper frå PPT
- Barnevernsmapper etter Lov om barneverntenester (Barnevernlova)
- Klientmapper etter Lov om sosiale tenester i NAV (Sosialtenestelova)
- Klientmapper frå flyktningekontor
- Pleie- og omsorgsarkiv (brukarmapper) etter Lov om sosiale tenester i NAV (Sosialtenestelova)
- Pasientjournalar og helsekort frå Kommunehelsetenesta
- Elektronisk arkivmateriale skal avleverast i samsvar med eige reglement for handtering av denne typen materiale.
- Arkivmateriale skal avleverast samla for heile kommunen, normalt kvart 4. år.
- Arkiv som skal avleverast skal vere behandla i samsvar med IKAH og kommunen sine

avleveringsreglar (jfr. Arkivforskrifta § 5-12) som bygger på føresegnene i Arkivforskrifta § 5-4 og Riksarkivarens Normalinstruks for arkivdepot i kommuner og fylkeskommuner.

- Kommunen skal peike ut ein eller fleire personar som er autoriserte til å rekvirere og motta tilbakeslån av arkivmateriale. IKAH skal få melding om kven dette er og om evt. endringar i desse personane.

3. IKAH sine oppgåver:

- Det avleverte arkivmateriale skal oppbevarast og sikrast i arkivlokale som tilfredsstillar krava i Arkivforskrifta §§ 4-1 - 4-9.
- Føre eit oppdatert register over arkivbestand og tilvekst (jfr. Arkivforskrifta § 5-5).
- Gi kommunen rettleiing i behandling av arkivmateriale før levering.
- Ta i mot arkivmateriale som skal avlevast, godkjenne leveringa og gi kommunen kvittering for avlevert materiale.
- La kommunen få låne tilbake arkivmateriale i samsvar med IKAH og kommunen sine reglar for tilbakeslån (jfr. Arkivforskrifta § 5-12).
- Gi publikum tilgang til arkivmateriale som er avlevert i tråd med gjeldande regelverk om offentlegheit, innsynsrett og personvern.
- Publisere arkivlister for kommunen sine arkiver på IKAH sine heimesider på Internett.

4. Deponeringsavgift

Deponeringsavgifta for papirarkiv er på kr 250,- pr hyllemeter pr år. Avgifta er vedtatt av IKAH sitt representantskap og kan endrast av representantskapet.

Kommunen betaler for frakt av arkivmateriale (avleveringar) til IKAH sitt depot. IKAH betaler for frakt av utlånte arkivstykke/kopier til kommunen, kommunen betaler returfrakt.

Deponeringsavgifta for elektronisk arkiv er på kr. 23 499,- pr. år

Beløpet vert fakturert frå IKAH og skal betalast til IKAH ein gong årleg.

5. Gyldigheit og oppseiing

Denne avtalen gjeld frå 1.1.2005 og inntil vidare. Avtalen kan seiast opp av ein av partane med ei oppseiingstid på eitt (1) år.

Dato:

Meland kommune

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Arkivkatalogar

Meland kommune

Her finn du link til arkivkatalog for Meland kommune, eldre arkivmateriale (1923-1963), som ligg ute på heimesidene til Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (IKAH).

IKAH har utarbeidd arkivkatalogen for kommunen i samband med ordning av det eldre arkivmaterialelet.

Katalogen gjev oversikt over innhaldet i arkivet til Meland kommune i tidsrommet 1923 - 1963. Berre unntaksvis er det registrert nokre fåe arkivstykke før 1923 og etter 1963, slik at dei endelege ytteråra for arkivet er 1838 - 1983

[Link til arkivkatalogen for Meland kommune \(1923-1963\)](#)

Andre arkivkatalogar

På IKAH sine sider om kommunal historie finn du og linkar til arkivkatalogar frå anna eldre arkivmateriale som er knytt til Meland kommune si historie. Du finn mellom anna ein katalog for [Alversund kommune \(1885-1964\)](#) og ein kort historikk om [Hamre kommune \(1837-1884\)](#). Arkiva etter desse to kommunane er no i arkivdepotet til Lindås kommune.

[Link til oversikt over andre arkivkatalogar](#)